
Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

St. meld. nr. 65.
(1968—69)

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

INNHALD

	Side
Kap. I. Organisasjon og verksemd	5
Rådets samansetjing 1965—68	5
Vedtekter for Norsk kulturfond	5
Retningslinjer for bruken av fondsmidler	6
Reglement for Norsk kulturråd	6
Møte i Arbeidsutvalet	6
Møte i Rådet	7
Seminar, konferansar og andre møte	7
Utval og utgreiingar	7
Tilrådingar og fråsegner frå Norsk kulturråd til Kyrkje- og undervis- ningsdepartementet	9
Samarbeid med andre institusjonar	9
Reiser	10
 Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet	 10
 Kap. III. Tilskott	 12
Innleiing	12
Søknadsoversyn	12
Litteratur	13
Musikk	19
Biletkunst og brukskunst	23
Film	27
Kulturvern	27
Kulturbygg	31
Tidsskrift og periodiske publikasjonar	33
Andre formål	33
 Kap. IV. Administrasjon	 35
 Kap. V. Økonomisk samandrag	 36
Landsdelsoversyn	37
 <i>Vedlegg nr. 1—11</i>	 45

St. meld. nr. 65. (1968—69)

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

*Tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 28. mars 1969,
godkjent ved kongeleg resolusjon same dag.*

(Målboren av statsråd Kjell Bondevik.)

I St. prp. nr. 130 for 1964—65, Om vedtekter for Norsk kulturfond og retningslinjer for bruken av fondsmidlar, heiter det i punkt 1, Vedtekter for Norsk kulturfond, § 5, at «Kirke- og undervisningsdepartementet skal hvert år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds virksomhet i foregående budsjettår».

Ved brev av 15. mars 1969 har Norsk kulturråd sendt melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Årsmeldinga har fem kapittel og eit oversyn over korleis tilskotta fordeler seg på dei ymse landsdelar. Rådet gjer greie for dei retningslinjene som ligg til grunn for arbeidet i rådet, dei røynsleane som er gjort og korleis midlane frå fondet i 1968 er fordelt.

Hovudfordelinga av fondsmidlane blir fastsett ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå rådet, medan tilskott av dei avsette rådvelde-summane blir sendt departementet til godkjenning. Denne ordninga er mellom anna kome i stand for å samordne stønadstiltak frå fondet med statsbudsjettet.

Når det gjeld administrasjonen har det i 1968 vore 6 fast organiserte stillingar (jfr. Stortingsvedtak av 30. november 1967), medan direktøren er tilsett på åremål og ei førstesekretærstilling og ei fullmektig/assistentstilling er på engasjement.

Kulturrådet har i samsvar med retningslinjene i arbeid fleire særskilde og faste utval. Ymse tilrådingar og fråsegn er lagt fram for Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Rådet gjer merksam på at det er ei hovudretningsline ved vurdering av søknader og tilråding om stønad at løyvingane til Kulturfondet representerer eit særskilt tiltak for styrking av norsk kultur og kulturliv. Like-

eins blir det understreka at løyvingane frå Kulturfondet må kome som eit tillegg til løyvingane til kulturformål over statsbudsjettet, og at tiltak som har faste årlege tilskott over statsbudsjettet berre kan få tilskott av fondsmidlar i særlege tilfelle. I drøftingar med Utanriksdepartementet, Kulturavdelinga, har ein kome fram til nokre generelle retningslinjer for koordinering med statsbudsjettet når det gjeld arbeid for norsk musikk og biletkunst i utlandet.

Av særtiltak som har fått tilskott av fondsmidlar nemner rådet tilskott til lysanlegg ved teatra. Rådet har ovafor departementet teke opp spørsmålet om å sjå tilskott til teknisk utstyr til teatra som ein lekk i stønadsskipnaden. Teaterkomitéen av 1968 vil saman med målsmenn frå rådet drøfte dei tekniske driftstilhøva ved teatra.

Departementet meiner det er viktig at det er god kontakt mellom rådet og departementet i tilskottssaker og at dei blir vurdert nøye i høve til statsbudsjettet. Særleg gjeld dette spørsmål om tilskott til tiltak som er meint å vere årlege og som rådet difor etter ein prøveperiode reknar med skal førast over på statsbudsjettet.

Departementet gav i februar 1967 samtykke til at tilskottet til Rikskonsertane i ein 3-årsprøveperiode frå 1. januar 1968—1. januar 1971 blir gitt av Norsk kulturfond. Ved kongeleg resolusjon av 1. mars 1968 Om fordeling av midler fra Norsk kulturfond 1968 vart det avsett kr. 1 100 000 til verksemda til Rikskonsertane. Etter tilråding frå styret for Rikskonsertane engasjerte Norsk kulturråd i mai 1968 intendant Eigil Beck som direktør for verksemda ut prøveperioden etter komponisten Finn Mortensen.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Rikskonsertane hadde sin opningskonsert i Hammerfest 3. januar, i Ålesund 6. januar og i Kristiansand 13. januar 1968. Til saman har Rikskonsertane hatt 510 konsertar med 113 kunstnarar og ensemble på 196 stader. I alt vart 159 skolekonsertar haldne, den fyrste i Sandnes 23. september 1968. Rekneskapen til Rikskonsertane viser ein svikt når det gjeld regionale og lokale tilskott. I rundskriv av 7. februar 1969 oppmodar departementet fylka i landet til å støtte aktivt opp om verksemda for å gjere prøveperioden så effektiv som mogeleg. Årsmeldinga til Rikskonsertane for 1968 fylgjer som trykt vedlegg.

Når det gjeld innkjøpsskipnaden for ny norsk skjønnlitteratur, viser departementet til St. meld. nr. 16 (1968—69) Norsk kulturfond — Innstilling om innkjøpsordning for ny norsk skjønnlitteratur, som vart drøfta i Stortinget 4. februar 1969.

Når det gjeld kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg, tek rådet igjen opp framlegg om at nye statsbygg blir skilte ut som eige gruppe der utsmykkinga bør vere ein del av sjølve byggjeoppgåva med kostnadene rekna med i kalkylen. Rådet uttaler at tilskott til utsmykking av eldre statsbygg og andre offentlege nye og gamle bygg og anlegg bør bli gitt av fondsmidlar. Det heiter vidare at så lenge tilskott til utsmykking av nye statsbygg blir gitt av fondsmid-

lar, er det naudsynt med ei sterk avgrensing av tilskott til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg.

Departementet er merksam på denne saka, men finn at den noverande skipnaden får stå ved lag til vidare.

For 1968 vart det løyvd kr. 18 000 000 til Norsk kulturfond. Løyvinga vart ved kongeleg resolusjon av 1. mars 1968 fordelt til desse formåla:

Litteratur	kr. 4 700 000
Musikk	» 1 700 000
Biletkunst og brukskunst	» 1 800 000
Film	» 500 000
Kulturvern	» 2 100 000
Kulturbygg	» 5 600 000
Tidsskrift	» 400 000
Utgreiingar, utval	» 100 000
Andre formål	» 600 000
Administrasjon	» 500 000
kr. 18 000 000	

Kyrkje- og undervisningsdepartementet

tilrår :

Avtrykk av tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 28. mars 1969, Norsk kulturfond — Årsmelding 1968, vert sendt Stortinget.

Vedlegg.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Kap. 1. Organisasjon og verksemd.

Norsk kulturråd legg med dette fram si fjerde årsmelding, i samsvar med det som er fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St. prp. nr. 130, III, C, Om anvendelse av Kulturfondets midler):

«Ved begynnelsen av hvert budsjettår fremmes melding til Stortinget om Kulturfondets virksomhet i det foregående år.»

Rådets samansetjing 1965—68.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med St. prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65. Det har 7 medlemmer oppnemnde ved kongeleg resolusjon og 4 medlemmer oppnemnde av Stortinget, alle for 4 år.

Oppnemnde ved kongeleg resolusjon:
Ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen, Oslo.
Varamann: Museumsdirektør Reidar Kjellberg, Oslo.
Pianisten Kjell Bækkelund, Oslo.
Varamann: Teatersjef Arild Brinchmann, Oslo.
Forfattaren Thorbjørn Egner, Oslo.
Varamann: Magister Lars Roar Langslet, Oslo.
Teatersjef Hans Heiberg, Oslo.
Varamann: Lektor Torild Skard, Oslo.
Arkitekt Torbjørn Rodahl, Oslo.
Varamann: Skulestyrar Bjørn Aarseth, Karasjok (frå 7. august 1967).
Målarinna Inger Sitter, Oslo.
Varamann: Redaksjonssekretær Simen Skjønsberg, Oslo.
Forfattarinna Halldis Moren Vesaas, Ytre Vinje.
Varamann: Redaktør Per Håland, Bergen.

Oppnemnde av Stortinget:
Dosent Kjell Bondevik, Bergen.
Varamann: Lektor Olaf Kortner, Oslo.
Høgskolerektor, professor Edvard Bull, Trondheim.
Varamann: Rektor Kjølve Egeland, Stavanger.
Sjefssekretær Bjartmar Gjerde, Oslo.
Varamann: Fru Thora Vaa, Rauland.
Målaren, rektor Håkon Stenstadvold, Oslo.
Varamann: Forfattarinna Elisabeth Dored, Halden.

Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: Ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen.

Viseformann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: Pianisten Kjell Bækkelund.

Etter 1. oktober 1965 er Kortner gått inn som medlem av Rådet, da statsråd Bondevik har meldt frå til Stortingets presidentskap at han som statsråd ikkje møter i Rådet.

Vedtekter for Norsk kulturfond,

fastsette av Stortinget 19. juni 1965.
(Omsette frå St. prp. nr. 130, 1964—65.)

§ 1.*)

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet.

§ 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg skal få del i kulturgoda.

§ 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet, og disponerte ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningslinjer som Stortinget har fastsett.

§ 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

§ 5.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

*) Endra ved stortingsvedtak av 30. november 1967.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Retningslinjer for bruken av midlar frå Norsk kulturfond.

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern. Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunsten og kulturvernet, og samstundes gjere kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at Rådet skal leggje særskild vekt på:

- a. Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- b. Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- c. Tiltak til å fremje norsk biletkunst, og kjøpe inn biletkunst til offentlege kunstsamlingar og til offentlig utsmykking.
- d. Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- e. Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis òg betre høve til vidare utdanning.
- f. Kulturverntiltak, såleis òg vern av samisk kultur.
- g. Stønad til finansiering av kulturbygg.
- h. Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrare utforming av omgivnaden vår.
- i. Tiltak som kan gi lettare tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsemd for dei verde den gir.
- j. Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t. d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubile og minnehøgtider, og større eingongsturnear frå kunstinstitusjonar.

Reglement for Norsk kulturråd
fastsett ved kongeleg resolusjon
27. august 1965.

§ 1.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

§ 2.

Rådet skal ha 11 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemnst av Stortinget og 7 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, alle for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i Rådet.

§ 3.

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan òg setje ned utval til å arbeide med særskilte saker eller saksområde. Dersom det i slike utval blir opp-

nemnt personar som ikkje er medlemmer av Rådet, må oppnemninga godkjennast av departementet.

§ 4.

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningslinjer som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegner i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som Rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir løyvde til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for Rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

§ 5.

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan Rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er naudsynt eller 2 medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst halvta av medlemmene er til stades. Ved røysting blir sakene avgjort ved vanleg fleirtal. Står røystene likt, er det røystinga til formannen som avgjer utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemmene og varamennene etter kvart møte.

§ 6.

Rådet drøfter og avgjer alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slags saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for Rådet i neste møte.

§ 7.

Utgifter til rådsmøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

Møte i Arbeidsutvalet.

Arbeidsutvalet har som tidlegare vore: Leif J. Wilhelmsen, Kjell Bækkelund, Torbjørn Rodahl, Håkon Stenstadvold og Haldis Moren Vesaas.

Varamenn:

Thorbjørn Egner, Bjartmar Gjerde.

Arbeidsutvalet har hatt 3 møte: 23. januar, 20. mai og 24. oktober. 31. mars vart nokre saker avgjorde skriftleg. 1. september vart ei sak handsama over telefon.

Arbeidsutvalet har på møta avgjort tilskottssaker under kr. 25 000 innafor ramma av budsjetterte avsetjingar, og har elles førebudd saker for Rådet (med samtykke frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet var fullmakta utvida frå 15 000 til 25 000 kroner etter vedtak på rådsmøte 15. desember 1967). I alt 6 saker som det hasta svært med, har vore avgjorde av Arbeidsutvalet ved telefonmøte eller ved brevsifte.

Dei einskilte medlemmene av Arbeidsutvalet har på same måte som dei førre åra teke på seg å førebu saker i samarbeid med administrasjonen, og gi tilråding til Rådet om løyvingar. Saker som gjeld litteratur har vore førebudd av dei ymse litteraturutval, saker som gjeld utgiving av norsk musikk av musikkutvalet (sjå avsnittet nedanfor, Utval og utgreiingar).

Møte i Rådet.

Rådet har i alt hatt 10 møte: 5.—6. februar, 11. mars, 18. april, 25.—26. juni, 22. august, 5. oktober, 14. november og 12. desember.

Til møtet 5. oktober var varamennene innkalla. Rådet har instituert som praksis å kalle inn varamennene til eitt ordinært møte kvart år. Om kvelden 12. desember vart det halde eit større møte der rådsmedlemmer og varamenn, representantar for Stortinget, departementa, statsinstitusjonar og organisasjonar vart innbedne. Innleiingsforedraget til rådsformannen følgjer som vedlegg nr. 1.

Møtet 11. mars vart halde i Bergen, og møta 25.—26. juni i Tromsø. Møtet i Bergen vart kombinert med omvisingar: m.a. Den Nationale Scene, Gamle Bergen, Bergen Kunstforening, Vestlandske Kunstindustrimuseum, Grieghalltomta, Handelshøgskolen og Universitetsbiblioteket.

Møta i Tromsø 25.—26. juni vart kombinerte med omvisingar til helleristingsfelt og gamal busetnad, Tromsø Museum, Hålogaland Teaterselskap, Tromsø Kunstforening, Bymuseet på Skansen, Troms Folkemuseum og Tromsdalen kyrkje.

Rådet vitja Karasjok 27.—28. juni, og formannen la ned grunnsteinen til bygningen for Dei samiske samlingane i Karasjok. I Karasjok vitja Rådet elles Karasjok kyrkje, Den Samiske Folkehøgskolen og Karasjok Bibliotek.

På møtet 14. november gav riksarkivaren,

Dagfinn Mannsåker, ei utgreiing om arbeidsoppgåver for Riksarkivet og tilhøva mellom statsarkiva og Riksarkivet. Formannen i Klassikarkomiteén, professor Edvard Beyer, orienterte Rådet om ein del prinsipielle og praktiske spørsmål i samband med arbeidet for å få utgitt klassisk og annan eldre norsk litteratur.

Ekspedisjonssjefen i Kulturavdelingen i Kyrkje- og undervisningsdepartementet er alltid innbeden til rådsmøta.

Seminar, konferansar og andre møte.

Seminar for avisredaktørar om kulturstoff.

I dagane 29. november—1. desember arrangerte Norsk kulturråd og Den Norske Redaktørforening i samarbeid eit seminar på Voksenåsen ved Oslo om kulturstoffet og pressa.

Rådsformannen heldt opningsforedraget. Det var i alt 30 deltakarar frå avisene og Norsk Rikskringkasting.

Andre møte og konferansar.

4. september vart det halde ein konferanse mellom representantar for Norsk kulturråd og Norges almenvitenskapelige forskningsråd om mogleg samarbeid om lokalhistorisk arbeid.

16. oktober 1968 var det konferanse mellom representantar frå Kulturrådet og styret i Det Norske Samlaget, der ein drøfta prinsipielle retningslinjer og praktiske detaljar når det gjeld tilskott frå Kulturfondet til særskilte tiltak som forlaget har i gang eller vil ta opp.

13. desember 1968 hadde rådsformannen, Det faglege utval for litteratur og Klassikarkomiteén ein konferanse med representantar for Den norske Forleggerforening, Statens bibliotektilsyn og Universitetsforlaget om dei praktiske spørsmål i samband med utgiving av eldre norsk litteratur (forslaget om ein «klassikarserie» — jfr. kap. III, Litteratur).

Utval og utgreiingar.**A. Faste utval.****1. Det faglege utval for litteratur.**

Teatersjef Hans Heiberg, formann, bibliotekdirektør Anders Andreassen, adm. direktør Erling Fjellbirkeland.

2. Utvalet for utgiving av eldre norsk litteratur. (Klassikarkomiteén):

Professor Edvard Beyer, formann, professor Johs. A. Dale, professor Harald Noreng, professor Hans Midbøe, sekretær: førstebibliotekar John Dahl. Dette utval gir òg tilråding om tilskott til omsetjing av verdfull eldre litteratur.

3. Utvalet for tilskott til barnebøker:

Thorbjørn Egner, formann, målaren Chrix Dahl, førstebibliotekar Astrid Feydt.

4. *Utvalet for tilskott til verdfulle omsetjingar av moderne litteratur:*
Forfattarane Carl Hambro, formann, og Tor Obrestad (oppnemnde av Norsk kulturråd), forlagssjef Øivind Seip Berggrav (oppnemnd av Den norske Forleggerforening), forfattarinna Magli Elster (oppnemnd av Norsk litteraturkritikerlag), og førstebibliotekar Tore Hernes (oppnemnd av Statens bibliotektilsyn).
 5. *Utval for tilskott til periodiske publikasjonar:*
Simen Skjønberg, formann, Haldis Moren Vesaas, Håkon Stenstadvold.
 6. *Utvalet for utgiving av musikk i noter og/eller på plater:*
Kjell Bækkelund, formann, komponisten Klaus Egge, konsertmeister Ernst Glaser, komponisten Arne Nordheim, direktør Egil Monn-Iversen.
 7. *Sakkunnig komité for materialfondet:*
Bjartmar Gjerde, formann, medlemmer valde av Bildende Kunstneres Styre: Chrix Dahl, Stinius Fredriksen, Irma Salo Jæger.
 8. *Utval for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg:*
Håkon Stenstadvold, formann, magister Magne Malmanger (oppnemnde av Norsk kulturråd), Olav Mosebekk, Fritz Røed (oppnemnde etter framlegg frå Bildende Kunstneres Styre), arkitekt Reidar Lund (oppnemnd etter framlegg frå Norske Arkitekters Landsforbund). Ein representant for Statens bygge- og eiendomsdirektorat møter i utvalet som konsulent og observatør.
 9. *Utvalet for innkjøp av norsk samtidskunst:*
Konservator Knut Berg, formann (oppnemnd av Norsk kulturråd), målaren Frantz Widerberg, bilethoggaren Arne Vinje Gunnerud og grafikaren Guttorm Guttormsgaard (oppnemnde etter framlegg av Bildende Kunstneres Styre). Retningslinjer for arbeidet følgjer som vedlegg nr. 2.
 10. *Utvalet til sikring av høgt prioriterte fornminne:*
Professor Anders Hagen, formann, førstekonservator Sverre Marstrander, konservator Povl Simonsen, førstekonservator Odmund Møllerop, førstekonservator Thorleif Sjøvold. Sekretær: Førstekonservator Arne Skjølsvold.
- B. Mellombels utval:
1. *Utvalet for norsk litteratur i utlandet:*
Hans Heiberg, formann, forlagsdirektør Arthur Holmesland, forfattere Odd Bang-Hansen, forfattere Carl Hambro, dr. philos. Max Tau.
 2. *Appellutvalet for innkjøpsordninga:*
Magister Finn Jor, formann, magister Otlus Alsvik, journalist Jo Ørjasæter. Utvalet er appellinstans for bøker som ikkje kjem med på listene til departementets rådgjevande komité for folkeboksamlingar, og der forfattarane såleis kjem på Kulturrådets vurderingsliste for året etter. (Jfr. Innstilling fra Norsk kulturråd om støtteordning for norsk skjønnlitteratur etter 1. januar 1967, avgitt til Kyrkje- og undervisningsdepartementet i juli 1966.)
 3. *Utvalet for utgreiing om videoband-opptak av teaterframsynningar til bruk i undervisning og forskning:*
Professor Hans Midbøe, formann, teatersjef Arild Brinchmann, høgsterettsadvokat Knut Tvedt, rektor Gerhard Knoop, skodespelaren og sceneinstruktøren Knut M. Hansson.
 4. *Utvalet for utgreiing om lydstudio for musikkopptak:*
Musikksjef Gunnar Sønsteve, formann, sivilingeniør Kjell Krogstad, disponent Egil Monn-Iversen, viseformann i Norsk Musikerforbund, Harald Skogrand, kontorsjef i TONO, Gorm Bækkelund. Mandatet følgjer som vedlegg nr. 3.
 5. *Utval for forsøk med forfattarbesøk i skoleane i Oslo og Akershus i skoleåret 1968—69:*
Rektor Marius Sandvei, formann (oppnemnd av rektorkollegiet i Oslo), lektor Trygve Bull (oppnemnd av Gymnasrådet/Forsøksrådet), lektor Tore Haraldsen (oppnemnd av rektorkollegiet i Akershus), gymnasiast Lasse Østmark og stud. real. Aanund Hylland (oppnemnde av Elevutvalet for Oslo og omegn), forfattarane Bjørn Nilsen og Tor Obrestad (oppnemnde av Norsk Forfattersentrum).
- Desse utvala har levert si tilråding til Rådet i 1968:
- Utvalet til å greie ut spørsmålet om offentleg stønad til lokalhistorisk verksemd:*
Edvard Bull, formann, Haldis Moren Vesaas, (representantar for Norsk kulturråd), dr. philos. Lars Reinton, (representant for Landslaget for bygde- og byhistorie), dr. philos. Rolf Fladby, (representant for Norsk lokalhistorisk institutt), riksarkivar Dagfinn Mannsåker, (representant for Norges almenvitenskapelige forskningsråd).
- Tilrådinga frå utvalet vart levert til Kulturrådet i desember 1967, og send til ei rad interesserte institusjonar til fråsegn. Tilrådinga med fråsegnene vart handsama på rådsmøte i Tromsø 25. juni 1968. (Sjå kap. III, Tilskott, Kulturvern).

Utgreiing og analyse om bokomsetnad vart levert av Norsk Presseforskningsinstitutt i juni 1968. Utgreiinga vart vurdert i samband med innkjøpsordninga for norsk skjønnlitteratur.

Utgreiing frå Per Remfeldt om arbeid for norsk biletkunst i utlandet (sjå årsmelding for 1967 s. 26) vart levert Norsk kulturråd i april 1968. Sjå elles Kap. III Tilskott, Biletkunst og brukskunst.

Den kultursosiologiske undersøkinga som Sosiologisk Institutt ved Universitetet i Oslo utfører med tilskott frå Norsk kulturfond vil vonleg liggje føre våren 1969. På Nord-norsk kulturråds møte i Karasjok i september 1968 la leiaren for denne undersøkinga, professor Ørjan Øyen, fram førebels resultat. Foredraget til professor Øyen følgjer som uprenta vedlegg.

Utgreiing om kulturbygg, som Norsk institutt for by- og regionforskning har teke på seg med finansiering frå Kulturfondet, vil vonleg liggje føre på nyåret 1969. Utgreiinga om kulturaktivitetar i ei bygd i Rogaland, som instituttet gjer med tilskott frå fondet, vil òg venteleg liggje føre i 1969.

Tilrådingar og fråsegnar frå Norsk kulturråd til Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

(jfr. Årsmelding 1966 og 1967.)

Framlegg om løyving til Norsk kulturfond for 1969.

Årsmelding for 1967.

Tilråding om fordeling av midlar frå Norsk kulturfond for 1968.

Tilråding om disponering av 1,6 mill. kroner av oppsamla midlar 1965—1967 til lysanlegg ved teatra.

Fråsegn til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om Innstilling om 3-årig musikkfagskole.

Fråsegn til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om tilskott frå fylka til Rikskonsertane.

Tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om utvida mandat for styret for Materialfondet.

Fråsegn til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om «Eidsvollsmonumentet» (jfr. årsmelding 1966). Sjå vedlegg nr. 4.

Fråsegn til Kyrkje og undervisningsdepartementet om medlemsframlegg til Nordisk Råd om nordisk musikkamarbeid.

Tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om innkjøpsordning for ny norsk skjønnlitteratur. (St. meld. nr. 16 for 1968—69.)

Fråsegn til Kyrkje og undervisningsdepartementet om utbygging av konserveringsverksemda i Norge.

Framlegg til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om utviding av mandatet for Teaterkomitéen av 1968 til å vurdere dei tekniske driftstilhøva ved teatra, med vurdering av tilhøva til driftsbudsjetta.

Framlegg til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om styrking av administrasjonen i Norsk kulturfond.

Tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om budsjettframlegg og arbeidsplan for Rikskonsertane for 1969.

Samarbeid med andre institusjonar.

Norges almenvitenskapelige forskningsråd.

4. september 1968 vart det etter initiativ frå Norsk kulturråd arrangert eit møte mellom styret i NAVF og representantar for Norsk kulturråd, om lokalhistorisk verksemd. Utvalet (sjå ovanfor, Utval og utgreiingar) hadde tilrådd at det vart sett ned eit samarbeidsutval, der både Norges almenvitenskapelige forskningsråd og Norsk kulturråd peika ut representantar. Styret i Norges almenvitenskapelige forskningsråd fann det ikkje føremålstenleg å vere med i eit slikt samarbeidsutval.

Elles har det vore jamleg kontakt og drøftingar mellom administrasjonane i dei to råd.

Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet.

27. november vart det etter initiativ frå Kulturrådet arrangert eit møte mellom avdelinga og representantar frå Rådet. Frå Kulturavdelinga: Ekspedisjonssjef Erik Colban, byråsjef Per Borgen, konsulent Helene Andersen og førstesekretær Inger Melhus.

Frå Kulturrådet møtte formannen, Håkon Stenstadvold, Inger Sitter og representantar for administrasjonen. Ein drøfta tilrådinga frå Per Remfeldt om arbeidet for norsk biletkunst i utlandet, og spørsmålet om arbeidet for norsk musikk i utlandet (sjå kap. II, Koordinering med statsbudsjettet). Det har elles vore jamleg kontakt mellom Kulturavdelinga og administrasjonen i Norsk kulturråd om tiltak som gjeld kultursamkvem med utlandet.

Riksantikvaren.

Formannen i Kulturrådet har vore i møte med Riksantikvaren om samarbeid og arbeidsfordelinga mellom institusjonane. Alle søknader som gjeld tilskott til freda hus og anlegg og sikring av andre kulturverde innan arbeidsområdet til Riksantikvaren, blir lagt fram til fråsegn før Kulturrådet tek dei opp til endeleg vurdering, på same måten som nemnt i tidlegare årsmeldingar.

Fylkeskonservatorane.

I alle fylke der det er tilsett fylkeskonserva-

torar, får desse søknader til fråsegn, det gjeld både søknader om ekstraordinære tilskott til musea i fylket, og søknader om tilskott til å sikre kulturhistorisk verdfulle hus og anlegg. Mange søknader blir òg sende til Kulturfondet frå eller gjennom fylkeskonservatorane, slik at Kulturrådet får ei fagleg vurdering på regionalt grunnlag, før sakene blir avgjort av Rådet i landsomfattande samanheng.

Norsk Kunst- og Kulturhistoriske Musé gir fråsegn om alle saker som gjeld omframtiltak ved musea. Større saker som gjeld nybygg ved musea (sjå kap. III, Kulturbygg), blir òg sende styret, slik at det får høve til å gi si prioritering.

Statens bibliotektilsyn.

Bibliotekdirektøren er fast medlem av det faglege utval for litteratur. Bibliotektilsynet gir tilråding om fordeling av midlar som blir avsette til kulturkveldar ved biblioteka og midlar avsette til bokkjøp til bokbilane. Gjennom Bibliotektilsynet samarbeider Kulturrådet òg med Den rådgejvande nemnda for folkeboksamlingar, som har sekretariatet sitt i tilsynet (sjå kap. III, Tilskott, Litteratur).

Biblioteksentralen A/L.

Kulturrådet samarbeider med Biblioteksentralen om alle praktiske spørsmål som gjeld innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, (innbinding og ekspedisjon til biblioteka, der sentralen har funne fram til rasjonelle og praktiske metodar). Sentralen har òg teke på seg sending til barnevernsinstitusjonane av barne- og ungdomslitteratur. Styret i Biblioteksentralen har søkt om prisauke for innbinding og ekspedisjon (sjå kap. III, Litteratur).

Kulturrådet samarbeider elles med kunstnarorganisasjonar og kulturelle institusjonar (Den norske Forfatterforening, Norsk Forfattersentrum, Den norske Forleggerforening og Norsk Forleggersamband, Bildende Kunstneres Styre, Norsk Komponistforening, Landsforbundet Norsk Brukskunst, Samnemnda for Studiearbeid, Nord-norsk kulturråd

o. a.) om tiltak innan dei ulike område. (Sjå dei einskilte avsnitta i kap. III.)

Reiser.

Formannen representerte Rådet ved opninga av norsk utstilling i Newcastle 16. mai, ved Festspillene i Bergen i mai, ved opninga av Festspela i Harstad 24. juni, ved opninga av Kunstsentret på Høvikodden 23. august, ved opninga av skolekonsertane i Sandnes 23. september, ved Nordisk Råds kulturkonferanse i København i november, ved Svensk—norsk kulturkonferanse på Hässelby i november, og ved prisutdelinga Takk for boka-prisen (2. steg i Kulturrådets bokprisar). Formannen var òg med i komitéen for utstillinga Højdpunkter i Norsk kunst, i Stockholm.

Viseformannen representerte Rådet ved opninga av Instituttet for Rikskonsertane i Sverige, Östersund 1. juli.

Halldis Moren Vesaas var representant for Kulturrådet ved Seljordspela i Telemark i august.

Inger Sitter representerte Rådet ved opninga av utstillinga Svensk kunst på veg, i Galleri F15, Moss, 8. februar.

Edvard Bull representerte Rådet ved landsmøtet i Kommunale Kinematografers Landsforbund 28. mai, og ved Nord-norsk kulturråds møte i Karasjok 12. september.

Reidar Kjellberg var representant for Rådet ved 75-års jubiléet for Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum i Trondheim i august.

Kjølve Egeland ved musikk-konferansen på Utstein i september, og

Bjørn Aarseth ved innviinga av Sousjave Kapell i Finnmark 15. desember.

Ingeborg Lyche representerte Kulturrådet ved opninga av Rikskonsertane i Hammerfest og Ålesund 4. og 6. januar, ved Teaterlederforeningens møte i Bergen 4.—6. juni, og ved opninga av Nordens Hus i Reykjavik 21.—25. august.

Etter innbyding frå UNESCO var direktøren med på ein internasjonal ekspertkonferanse om kultursenter i Budapest 16.—21. juli.

Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet.

I Innstilling S. nr. 159 for 1967—68, Tilråding frå Kyrkje- og undervisningsnemnda om Norsk kulturfond, årsmelding 1967, viser nemnda til fråsegna om årsmeldinga for 1966, og strekar på nytt under at det heile tida har vore Stortingets klære føresetnad at løyvinga

til Kulturfondet skulle komme som eit tillegg til dei ordinære løyvingane på kulturbudsjettet.

Ordføraren for saka, Einar Hovdhaugen, minte i sitt innlegg i Stortinget om at det alltid vil vere ein del grensetilfelle, og i dei

første åra var ein slik grenseoppgang naudsynt. Det var oppgåver som det var naturleg å føre over til fondet. På den andre sida vil det vere oppgåver som Kulturfondet tek opp, som det etter ei tid vil vere naturleg å føre over til statsbudsjettet. « - - - Festspela i Nord-Noreg er i år ført over til statsbudsjettet. Og det er føresetnaden at det same skal skje med Rikskonsertane når prøvetida er omme, om prøvetida då gir det resultat at Rikskonsertane bør bli ein fast institusjon.»

Når det gjeld utsmykking av nye statsbygg, heiter det i tilrådinga frå Kyrkje- og undervisningsnemnda:

«Mykje talar for at utsmykking av slike bygg blir sett på som ein del av byggjeoppgåva. Det vil vere lite rimeleg at ein kostnad av ein storleiksorden som utsmykking av Regjeringskvartalet, skulle dekkjast av Kulturfondet, dersom dette ville medføre at landet elles vart skadelidande. Nemnda går ut frå at Kulturrådet og departementet her finn fram til greie retningslinjer, som kan bli lagt fram for Stortinget i samband med årsmeldinga for 1968.»

Kulturrådet vil vise til fråsegna frå departementet om dette punktet i innleiinga til årsmeldinga for 1966, og til det Statsråden sa i Stortinget då årsmeldinga vart drøfta der, der han slutta seg til det synet nemnda hadde på dette spørsmålet. Under budsjettdebatten i Stortinget i desember sa Statsråden frå om at Regjeringa hadde vedteke at pengane til utsmykking av det nye regjeringsbygget blir tekne av statsbudsjettet. Men elles har Kulturfondet teke på seg utsmykkingsoppgåver for nye store statsbygg som til dømes Universitetet i Bergen.

Rådet vil i denne samanheng minne om si tilråding av 17. oktober 1966 til Kyrkje- og undervisningsdepartementet med framlegg til nye retningslinjer for tilskott til kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg (sjå kap. Biletkunst og brukskunst).

Når det gjeld tilskotta til lysanlegg ved teatra, har Rådet framleis det prinsipielle synet at ein må sjå tilskott til naudsynt utstyr ved dei statsstødde teatra i samanheng med drifta. Kulturrådet har i brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet bede om at mandatet for Teaterkomitéen av 1968 blir utvida til å vurdere dei tekniske driftstilhøva ved teatra, med vurdering av tilhøva til driftsbudsjetta.

I drøftingar med Utanriksdepartementet, Kulturavdelinga, har ein komme fram til nokre generelle retningslinjer for koordineringa med statsbudsjettet når det gjeld arbeid for norsk musikk i utlandet:

1) Under kulturavtalene blir det arrangert

konserter i avtale-landa for unge norske musikarar, og Utanriksdepartementet gir økonomisk hjelp.

2) Utanriksdepartementet gir tilskott til eller tek initiativ til presentasjon av større norske orkester i utlandet.

3) Utanriksdepartementet hjelper fram samkvem innan det folkelege musikklivet, slik at departementet — så langt budsjettet i avdelinga rekk — gir tilskott til å dekkje utgiftene til solistar og dirigentar når norske kor, orkester eller ensemble er invitert til utlandet.

4) Utanriksdepartementet har som eit eingongsprosjekt saman med Kyrkje- og undervisningsdepartementet gitt tilskott til innspeling av norsk symfonisk musikk på LP-plater.

Frå Norsk kulturfond kan finansierast tiltak til å få betre tilhøve for norsk musikk i utlandet på fleire måtar. Først og fremst finansierer Kulturrådet av fondsmidlar innspeling av norsk musikk på LP-plater (sjå kap. III, Musikk). Men Kulturfondet bør òg kunne komme i biletet når det gjeld større eingongs-tiltak.

Rådet gav såleis i 1965 og 1966 i samarbeid med Utanriksdepartementet tilskott til turnear i Hellas og i USA for Filharmonisk Selskaps Orkester og for Musikkselskabet «Harmonien». Men Rådet meiner at kulturfondsmidlar berre bør komme i biletet når det gjeld større tiltak der Utanriksdepartementet er det koordinerande og kontrollerande organ, og ikkje når det gjeld dei mange regelfaste mindre tiltaka som det er Utanriksdepartementet si oppgåve å arbeide med.

Kulturavdelinga har peika på at avdelinga frå tid til anna gjerne ville prøve å få til turnear for norske musikarar i land utanfor kulturavtalelanda, og har spurt om Kulturfondet kunne stø slike tiltak. Kulturrådet har svara at ein meiner det ikkje bør avsetjast midlar generelt til dette av Kulturfondet, men at Rådet er viljug til å drøfte den einskilde, konkrete planen.

Norsk kulturråd meiner at det arbeidet som Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet gjer for norsk biletkunst i utlandet må sjåast i samanheng med arbeidet for framvokstren av norsk biletkunst i det heile.

Presentasjon av norsk biletkunst i utlandet har òg vore drøfta fleire gonger med Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet, jfr. årsmelding 1967, Kap. II, Koordinering med statsbudsjettet. Ein kom i 1967 fram til naturleg fordeling mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Utanriksdepartementet og Kulturfondet når det galdt kunstutstillingar i det heile. På møte i Utanriksdepartementet 27.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

november 1968 drøfta ein innstillinga frå Per Remfeldt (sjå Kap. III, Biletkunst). Norsk kulturråd meiner det er heilt naudsynt at Kulturavdelinga får eit operativt budsjett sterkt nok til å stø dei aktivitetane som høyrer inn under avdelinga, serleg når det gjeld presentasjon av norsk biletkunst i utlandet. Det bør såleis på budsjettet i Kulturavdelinga først opp særskilde løyvingar til slike formål. Spørsmålet om styrking av det operative budsjettet for Utanriksdepartementet bør drøftast mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Utanriksdepartementet, og i Stortinget mellom Kyrkje- og undervisningskomiteén og Utanriks- og konstitusjonskomiteén.

Representantar for Kulturrådet og Kulturavdelinga har òg drøfta framlegget frå Remfeldt om ei fast stilling som kommissar eller konsulent for dei større norske utstillingane i utlandet. Bildende Kunstneres Styre kan ikkje tilrå ei slik ordning. Den beste løysinga er kan hende å få til ei prøveordning med ein konsulent i halvdagsstilling, kombinert med anna verksemd i kunstorganisasjon eller liknande. Kulturrådet vil drøfte dette nærare i samband med fordeling av midlar for 1969.

Når det gjeld Kulturfondets arbeid for norsk filmkunst (sjå retningslinene), vil Kulturrådet ta kontakt med Norsk filmråd når dette kjem i arbeid, og be om å få drøfte ei rasjonell deling av oppgåver mellom statsbudsjettet og Kulturfondet.

Kap. III. Tilskott.

Innleiing.

I alt kom det i 1968 inn 661 søknader (1967: 574). Brev og førespurnader er ikkje medtekne. Den totale søknadssummen er vanskeleg å gi heilt nøye, av di ein god del av søknadene anten ikkje nemner nokon sum (søker om «eit så stort tilskott som mogleg» eller liknande) eller summen er så stor at han må fordelast over fleire år. Med desse atterhalda kan ein samla søknadssum reknast til om lag 43 millionar kroner i 1968.

For at Rådet skulle få eit grunnlag å byggje på når det skulle førebu fordelinga for 1969,

vart det på same måte som tidlegare i september lyst ut ein frist for søknader om tilskott for 1969. Fristen var som tidlegare sett til 1. november 1968. Dette vil ikkje seie at Rådet ikkje tar omsyn til søknader som er komne inn etter denne datoen. Mange av søknadene som kom inn i 1968 gjeld såleis tiltak i 1969.

På same måte som tidlegare år har Rådet avslått søknader om driftstilskott til institusjonar. Tilskotta til ei rekkje tidsskrift må likevel etter føresetnaden bli gitt årleg (sjå avsnittet Tidsskrift).

Søknadsoversyn pr. 31. desember 1968.

Tala for 1967 er ført opp ved sida av.

	Talet på søknader		Utan søknadssum		Total søknadssum	
	1968	1967	1968	1967	1968	1967
Litteratur	102	93	44	37	1 567 617	1 745 370
Musikk	184	123	35	20	4 359 266	1 717 115
Biletkunst	96 ¹⁾	94	22	12	1 882 202	2 207 932
Film, teater	35	56	1	7	1 763 845	2 987 348
Kulturvern	151	110	20	19	9 659 039 ²⁾	8 921 685
Kulturbygg	40	40	3	4	22 817 451 ³⁾	23 310 725
Tidsskrift	22	30	4	12	593 500	644 580
Andre formål	31	28	10	6	928 000	585 710
I alt	661	574	139	117	43 570 920	42 120 465

¹⁾ Søknader om lån er ikkje medrekna.

²⁾ I talet er medrekna eit oversyn frå Riksantikvaren om prosjekt med ein samla søknadssum på kr. 4 503 000.

³⁾ I dette talet er medrekna kr. 1 500 000 til Konserthuset i Oslo, og kr. 1 000 000 til Grieghallen i Bergen, men ikkje kr. 3 000 000 til Det Norske Teatret, ein søknad som vart teken med i 1967.

LITTERATUR

Det kom i 1968 inn i alt 102 søknader som galdt litteratursaker (mot 93 i 1967). Samla søknadssum var kr. 1 567 617, men i 44 av søknadene var det ikkje nemnt nokon særskild sum. I desse tala er ikkje rekna med dei mange tilskriv og førespurnader frå forlag, bibliotek og andre i samband med innkjøpsordninga for norsk skjønnlitteratur eller andre generelle støttetiltak, som til dømes tildelinga av barnebøker til barn på barneheimar, sjukehus og så bortetter. I utgreiinga nedanfor er brukt same rekkjefølge på dei ymse støttetiltaka som i St. prp. nr. 130 for 1964—65, kap. «Særlege retningslinjer for tiltak som gjelder norsk litteratur».

1. Utgiving av eldre norsk litteratur.

Tilrådinga frå den såkalla «Klassikarkomiteén» (sjå kap. I, Utval og utgreiingar) er nå vidare vurdert og justert i samsvar med oppgaver ein har fått frå forlaga om dei ymse utgåvene som finst i handelen. På grunnlag av desse opplysningane har komiteén sett opp ei liste over dei verka som anten er heilt utselde eller som berre finst i mangelfulle utgåver, i minimale restopplag eller som del av kostbare samla verk som ikkje er å få kjøpt enkeltvis. Av den opphavlege lista som komiteén hadde sett opp, viser det seg at det er bruk for å få trykt opp om lag 200 bøker.

Rådet ser planane om ein samla «Klassikarserie» i einsarta utstyr som urealistisk, mellom anna av di serien ville bli heilt ufullstendig. I samråd med Klassikarkomiteén og etter forhandlingar med representantar for forleggjarane er Kulturrådet komme fram til at den beste løysinga vil vere å sørgje for ei planmessig utgiving, over eit visst tidsrom, av dei nemnde om lag 200 bøkene som det synest mest turvande å få fram i rimelege einskildutgåver. Komiteén har sett opp ei førebels «ønskeliste» på 50 bøker som forlaga vil bli oppmoda om å gi ut, over ein 2 til 3 års periode, med eller utan tilskott frå Kulturfondet. Rådet reknar med å setje av midlar på budsjettet for 1969 til stønad for utgiving av 20 slike verk.

Klassikarkomiteén har òg, i samsvar med sitt mandat, handsama ein god del søknader frå forlag om produksjonstilskott til nyutgivingar av eldre norsk litteratur. Etter tilråding frå komiteén har Kulturrådet gitt desse tilskotta i 1968:

J. W. Cappelens Forlag, til Henrik Wergeland: «Skabelsen, Mennesket og Messias»	kr. 10 000
Det Norske Samlaget, til Sigurd Kvåle: «Natta og eg»	» 5 000

Det Norske Samlaget, til antologien «Norske dikt»	kr. 10 000
J. W. Eide Forlag, studieutgåve av Jørgen Moe: «Dikt og prosa» (i 1967 vart løyvt kr. 4 000 til same boka)	» 2 000
J. W. Eide Forlag, studieutgåve av Aa. O. Vinje: «Ferdaminni» ..	» 8 000
J. W. Eide Forlag, studieutgåve av Mauritz Hansen: «Keadan» og «Othar av Bretagne» i eitt band	» 6 000
J. W. Eide Forlag, studieutgåve av Kristian Elster d. e.: «Om Modsætningen mellem det vestlige og østlige Norge» ..	» 3 000
Fonna Forlag, til Ludvig Holberg: «Reiser»	» 8 000
Noregs Boklag, til Kristofer Uppdal: «Galgeberget, Hagemannen, Løysinga»	» 15 000
Noregs Boklag, til Aa. O. Vinje: «Storegut» med illustrasjonar av Harald Kihle og Henrik Sørensen	» 8 000
Noregs Boklag, til Sven Moren: «Aust or Markom» med trensnitt av Terje Grøstad	» 5 000
Norsk Folkeminnelag, til M. B. Landstad: «Norske folkeviser» ..	» 15 000
Pax Forlag, til Henrik Wergeland: «For Almuen», artiklar i utval ved Yngvar Ustvedt ..	» 1 500
Pax Forlag, til Eilert Sundt: «Om Sædelighedstilstanden i Norge», i to band	» 20 000
Til saman	kr. 116 500

2. Essayistikk.

Klassikarkomiteén skal òg uttale seg om søknader om tilskott til utgiving av norsk essaylitteratur, som i denne samanheng òg omfattar litterære eller kulturhistorisk verdfulle biografier o. l. Etter tilråding frå Klassikarkomiteén har Rådet gitt desse tilskotta:

H. Aschehoug & Co., til Leif Longum: «Et speil for oss selv»	kr. 6 000
H. Aschehoug & Co., til Aksel Sandemose: «Reisen til Kjørelvik»	» 3 000
H. Aschehoug & Co., til Halvdan Koht: «Minne frå unge år» ..	» 20 000
Det Norske Samlaget, til «Norsk Litterær Årbok»	» 17 000
Det Norske Samlaget, til «Moderne prosa»	» 6 000

Gyldendal Norsk Forlag, til John Nome: «Dikternes verden» ..	kr.	5 000
Gyldendal Norsk Forlag, til Arne Kildal: «Bokhyllen er den stige»	»	6 500
Noregs Boklag, til «Olav H. Hauge. Ei bok til 60-årsdagen» ..	»	3 000
Johan Grundt Tanum Forlag, til Egil A. Wyller: «Fra tankens og troens møtested»	»	6 000
Tiden Norsk Forlag, til Tove Mohr: «Katti Anker Møller — en banebryter»	»	10 000
Til saman	kr.	82 500

Det er i 1968 gitt tilskott til 10 utgivingar av essaystikk, mot 6 i 1967. Rådet seier seg glad for at auken i talet på nye essaysamlingar, biografiar og memoarar held fram.

3. Arbeid for norsk litteratur i utlandet.

Rådet har sett ned eit eige utval til å vurdere dette saksområdet (sjå kap. I, Utval og utgreiingar). Arbeidet er enno på eit førebunde stadium, men Rådet vonar å kunne leggje fram ei utgreiing våren 1969 når det gjeld spørsmålet om eit norsk litteraturinstitutt, som var omtala i St. prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65, om Norsk kulturfond.

Utvalet har arbeidd for å skaffe kontaktar i utlandet med framstående kritikarar med sikte på å få ei objektiv vurdering av kva for norske bøker som skulle ha von om ein internasjonal marknad. Dei tilrådingane som kjem inn blir førebels gitt til vedkommande forlag som kan gjere bruk av dei i sitt arbeid for å få boka plassert i utlandet.

Etter tilråding frå utvalet har Rådet gitt det tyske Paul List Verlag (gjennom advokat Haakon Thallaug, Lillehammer) eit tilskott på kr. 6 000 til utgiving av 2 norske bøker, Johan Borgen: «Noveller» og Gunnar Bull Gundersen: «Kjære Emanuel».

Som nemnt i årsmeldinga for 1967, har Rådet gitt tilsegn om ei samla løyving på kr. 100 000 til utgiving av ein lydband-illustrert antologi med tekstar av norske forfattarar. Det britiske Department of Education and Science har gitt tilsegn om ei løyving på £ 4 320 (ca. kr. 75 000), og Universitetsforlaget har teke på seg utgivinga. Arbeidet med innsamling av lydbandmaterialet er i gang.

Den tsjekkiske litteraturforskarer dr. Radko Kejzlar har fått eit tilskott på kr. 10 000 til eit studieopphald i Noreg, med sikte på 2. bandet av ei norsk litteraturhistorie på tsjekkisk.

Av dei kr. 140 000 som vart avsett for 1968 til arbeid for norsk litteratur i utlandet, er til desse føremåla disponert til saman kr. 96 358. Av midlar til rådvelde for litteratur (sjå avsnitt 14, Andre tilskott) er dessutan løyvd kr. 30 000 til bokinnkjøp for norske sendelektorar og andre institusjonar i utlandet som driv opplysningsarbeid om norsk litteratur. Tilskottet blir fordelt etter tilråding frå Utanriksdepartementets Kulturavdeling, og det var i 1968 i alt 30 institusjonar som fekk bøker. Kulturavdelinga opplyser at tildelinga har vore til stor glede og nytte og at ein fleire stader har notert at vedkommande utanlandske universitet så langt frå å redusere eige tilskott til bokkjøp, har auka desse.

4. Vidareutdanning av forfattarar.

Rådet har løyvt kr. 40 000 til eit seminar som Den norske Forfatterforening arrangerte i desember 1968 på Voksenåsen ved Oslo, om emnet: «Diktning og samfunn». Det var forelesingar av svenske og danske gjester. I alt 30 norske lyrikarar og forfattarar var med på seminaret.

5. Stønad til ny norsk dramatikk.

Ved Kgl. res. av 1. mars 1968 vart det sett av kr. 50 000 til innkjøpspremiar for nye norske skodespel som blir godtekne til framføring på norske scener. I samsvar med avtale mellom Kulturrådet og De norske teatres forening er innkjøpshonoraret sett til kr. 7 000, og summen blir delt slik: kr. 5 000 ved undertekning av kontrakt, og kr. 2 000 når stykket har hatt premiere.

Desse skodespela har fått stønad:

Olav Angell: «Gjøglerne» (Oslo Nye Teater)	kr.	2 500 ¹⁾
Jens Bjørneboe: «Sammelweis» (Nationaltheatret)	»	5 000
Bjarne Bø og Mentz Schulerud: Dramatisering av Bjørnson: «En glad gutt» (Oslo Nye Teater)	»	6 000
Peder W. Cappelen: «Tornrose» (Oslo Nye Teater)	»	7 000
Gunnar Bull Gundersen: «Faen — der gikk bussen» (Oslo Nye Teater)	»	2 500 ¹⁾
Helge Hagerup: «Superboy» (Nationaltheatret)	»	5 000
Stein Mehren: «Narren og hans hertug» (Nationaltheatret) ..	»	7 000
Til saman	kr.	35 000

¹⁾ Summen er redusert av di dei er kortare stykke.

6. Litterære prisar.

Ved Kgl. res. av 1. mars 1968 vart det sett av kr. 90 000 til litterære prisar. Av desse pengane skulle kr. 70 000 gå til «Den store bokprisen», og kr. 10 000 til ein ny omsetjarpris som vart delt ut for første gong i 1968.

På grunnlag av røynsleane frå 1966 og 1967 vart det i mai 1968 halde eit møte med representantar for Den norske Forfatterforening, Den norske Forleggerforening, Samnemnda for studiearbeid, Den norske Bokhandlerforening, Norsk Litteraturkritikerlag og Kulturrådet. På møtet var det semje om å gjere nokre mindre endringar i det opplegget som var følgt i 1967. Rådet vedtok å setje i verk «Den store bokprisen» som ei prøveordning for 1968, etter desse reglane:

1. steg: Norsk Litteraturkritikerlag deler ut tre prisar à kr. 10 000 etter røystegiving mellom medlemmene av laget. Bøkene må vere frå desse kategoriane: Romanar, noveller, lyrikk, skodespel, essayistisk litteratur, memoarar, biografiar.

2. steg: Den norske Bokhandlerforening deler ut to prisar kvar på kr. 10 000, her òg etter røystegiving mellom medlemmene. Bøkene må høyre heime under dei same kategoriane som er nemnde under 1. steget.

3. steg: Den siste prisen på kr. 20 000 blir delt ut etter røystegiving mellom dei litterære studieringane og lesargruppene som organisasjonane i Samnemnda for studiearbeid står for. Alle dei kategoriane som er nemnde under 1. steget, må vere med mellom 10 bøker som Samnemnda bad studiesirklane sende inn framlegg til innan 1. desember 1968. Samnemnda lagar så studieplan for desse 10 bøkene. Til slutt vel studieringane ved røysting ein prisvinnar.

Utdeling av dei første tre prisane gjekk føre seg 11. desember 1968 i Hotel Continental. Fjernsyn og presse var til stades. Dei tre bøkene som Norsk Litteraturkritikerlag hadde peikt ut, var:

«Gemini» av Finn Alnæs

«Anne» av Paal-Helge Haugen

«Båten om kvelden» av Tarjei Vesaas.

Utdeling av dei to prisane i 2. steget gjekk føre seg på Hotel Continental 29. januar 1969. Bokhandlarane og bokhandlarmedhjelparane hadde valt å gi prisane til desse to bøkene:

«Gemini» av Finn Alnæs

«Paradisveien. En gate i London» av Richard Herrmann.

Samnemnda for studiearbeid vonar å kunne dele ut sin pris i april—mai 1969. På same måten som i 1968 vil det bli sett opp ein premie for den beste grunngevinga frå studieringane.

Utfallet av dei to første stega i prisutdelinga for 1967 er referert i årsmeldinga for 1967. Den siste prisen på kr. 20 000 vart delt ut av Samnemnda for studiearbeid 28. mai 1968 og gjekk til Hans Heiberg: «...født til kunstner. Et Ibsen-portrett».

I 1968 delte Norsk kulturråd ut ein omsetjarpris for første gong. Prisen gjekk til professor Sigmund Skard for attdiktingane hans av framand lyrikk. Utdeling var lagt til det store møtet Kulturrådet heldt i Munch-museet 12. desember 1968. Presse og fjernsyn var til stades. (Jfr. avsnitt 12, Stønad til verdfulle omsetjingar). Om retningslinene for Norsk kulturråds omsetjarpris, sjå vedlegg nr. 5.

Rådet har dessutan løyvt kr. 18 000 til premiar for ei tevling om miniskodespel, arrangert av AOF-foreninga for Oslo. Det er meininga at desse skodespela skal spelast på arbeidsplassane i matpauser o.l. Kr. 10 000 til dette føremålet vart tekne av midlar til litterære prisar, kr. 8 000 av midlar til rådvelde for litteratur. (Sjå under avsnitt Andre tilskott, litteratur.) Resultatet frå tevlinga vil liggje føre på forsommaren 1969.

Som tilsegn for 1969 har Rådet gitt kr. 35 000 til Festspela i Nord-Norge til ein skodespel-konkurranse for å få nye spelstykke til friluftsteatret på Trondenes.

Med omsyn til Kulturrådets heiderspris, sjå Andre formål s. 34.

7. Opplysningsarbeid for norsk litteratur og bokspreiing i grisgrendte stork.

Ved Kgl. res. av 1. mars 1968 vart det sett av kr. 185 000 til dette føremålet.

I samsvar med tilråding frå Statens bibliotektilsyn har Rådet gitt desse tilskotta til innkjøp av bøker for bokbilar:

Sentralbiblioteket i Østfold . . .	kr.	11 000
» » Akershus . . . »	»	11 000
» » Hedmark . . . »	»	11 000
» » Buskerud . . . »	»	11 000
» » Vestfold . . . »	»	11 000
» » A.-Agder . . . »	»	11 000
» » V.-Agder . . . »	»	11 000
» » Sogn og Fj. . . »	»	11 000
Nes folkeboksamling (Romerike) »	»	4 000
Stord folkeboksamling »	»	4 000
Enebakk folkeboksamling »	»	2 000
Etne folkeboksamling »	»	2 000
Til saman	kr.	100 000

Dei fire siste løyvingane er gitt til kommunale bokbilar i særleg store eller grisgrendte kommunar.

Sentralbiblioteka for Aust- og Vest-Finnmark vende seg i desember 1968 til Kultur-

rådet med oppmoding om at dei måtte få tilskott av desse midlane. Brevet viste til at dei to fylka ikkje har bokbilar, men treng stønad til bokinnkjøp for vandrebooksamlingar på grunn av dei geografiske tilhøva. Etter samråd med Statens bibliotektilsyn har Kulturrådet teke opp framlegg, i si tilråding om fordeling av fondsmidlar 1969, om at sentralbibliotek som har vandrebooksamlingar, men ikkje bokbilar, skal kunne få tilskott av denne avsetjinga. Men Rådet har òg peikt på at slike årvisse løyvingar til sentralbiblioteka helst burde bli gitt over det ordinære statsbudsjettet, gjennom Statens bibliotektilsyn, og at dei tilskotta som biblioteka til nå har fått frå Kulturfondet, er gitt i påvente av den nye biblioteklova.

Av dei kr. 50 000 som er sett av til forfattarkvelder i biblioteka, er heile summen løyvd, her òg etter tilråding frå Statens bibliotektilsyn. Summen er fordelt såleis:

Til bokbåten på Vestlandet	kr.	8 660
Til to større turnear i Nord-Noreg	»	10 000
Til 33 einskilte bibliotek eller samarbeidande biblioteklag	»	32 340
Til saman	kr.	50 000

Dessutan fekk bokbåten kr. 3 340 av midlar avsette i 1967. Bokbåten har såleis fått kr. 12 000 til verksemda med forfattarkvelder i 1968.

Til andre opplysningstiltak er løyvt:

Norsk Bokmannslag, til eit litteraturkurs på Fana folkehøgskole, sommaren 1968	kr.	3 000
Foreningen Norden, til eit seminar om barne- og ungdomslitteratur, januar 1968	»	10 000
Storyville Jazz Club, Molde, til lyrikkprogrammet under Jazzfestivalen, sommaren 1968 (sjå òg under Musikk)	»	4 000
Bokhandlarskolen, til kurs og forelesingar utanom den ordinære undervisningsplanen	»	5 000
Studentmållaget i Oslo, til dikt- og viseturné på Vestlandet, hausten 1968	»	5 000
Studentenes Riksmålsforening i Oslo, til eit Arnulf Øverlandseminar, oktober 1968	»	7 700
Til saman	kr.	34 700

Andre tilskott til opplysningsarbeid for norsk litteratur er tekne av midlar til råd-

velde (sjå s. 34). Særleg vil vi nemne forsøka med kunstnarar i undervisninga. Rådet har løyvt kr. 25 000 til forsøk med forfattarar på skolar i Oslo og Akershus, og kr. 30 000 til Trøndelag Teater til eit forsøk med skodespelarar i undervisninga ved skolar i Trondheim og Sør-Trøndelag.

Løyvinga på kr. 25 000 blir administrert av Norsk Forfattersentrum, og tilsyn med forsøka har eit utval med representantar for Elevutvalget for Oslo og omegn, Norsk Forfattersentrum, rektorkollegia i Oslo og Akershus og Forsøksrådet/Gymnasrådet. Rektor Marius Sandvei er formann i utvalet.

8. Stønad til nynorsk litteratur.

Rådet viser til det som er sagt i St. prp. nr. 130 for 1964—65 og i St. prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 om Norsk kulturfond om at den nynorske litteraturen må støttast gjennom omframtiltak, og om styrking av verksemda til Det Norske Samlaget. Med dette som grunnlag vart det ved Kgl. res. av 1. mars 1968 sett av i alt kr. 400 000 til nynorsk litteratur. Den nynorske litteraturen får dessutan tilskott av midlar sette av til essaystikk, til nye utgåver av eldre verk osb.

Rådet har gitt desse tilskotta:	
Det Norske Samlaget i alt	kr. 345 000
som stønad til følgjande tiltak:	
Klassiske og norrøne bokverk	» 75 000
Utanlandsk litteratur	» 80 000
Serien «Norsk kulturarv»	» 70 000
Norsk eventyrbibliotek	» 30 000
Kvalitetsbillegbøker	» 30 000
Barnebøker	» 30 000
Serien «I manns minne»	» 30 000

Melding frå Det Norske Samlaget om korleis desse løyvingane er nytta, står i vedlegg nr. 6.

Rådet har dessutan løyvt:

Noregs Boklag til Ole Barman:	
«Ein mann gjekk heim»	kr. 5 000

9. Stønad til samisk litteratur.

Ved Kgl. res. av 1. mars 1968 vart det sett av kr. 60 000 til samisk litteratur. Rådet har gitt desse tilskotta:

Karasjok bibliotek, til innkjøp av bøker	kr. 20 000
Karasjok bibliotek, til utgiving av spesialkatalog for den samiske avdelinga ved biblioteket	» 12 000
Frikirkens Finnmarksmisjon, til bladet «Nuorttanaste»	» 20 000
Til saman	kr. 52 000

10. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur.

Som nemnt i St. meld. nr. 42 for 1967—68, Årsmelding 1967, meinte departementet at det var ønskeleg så snart råd var å få ei samla vurdering av innkjøpsskipnaden på grunnlag av dei røynslene som var vunne. Denne utgreiinga ville bli lagt fram for Stortinget som særskild sak.

Tilrådinga frå Norsk kulturråd vart vedteken på rådsmøte i Tromsø 25. juni 1968 og send til Kyrkje- og undervisningsdepartementet i august 1968. Departementet la tilrådinga fram som St. meld. nr. 16 (1968—69), som vart handsama i Stortinget februar 1969.

I tilrådinga gav Rådet uttrykk for at innkjøpsordninga svært langt på veg har innfridd alle rimelege forventningar, og nå bør få status som fast ordning, med nokre mindre endringar. (Jfr. St. meld. nr. 16). Departementet slutta seg til dette synet, men sa frå om at verknadene av ordninga bør haldast under stadig observasjon, og eventuelle misbruk eller uheldige utslag må ein freiste råde bot på etter kvart. Stortinget vedtok 4. februar 1969 at ordninga, med dei endringane Kulturrådet og departementet har tilrådd, får status som ei fast ordning til stønad av ny norsk skjønnlitteratur.

Til innkjøpsordninga for 1968 vart avsett 2,7 mill. kroner, same summen som for åra 1965—67. Rådet viste i budsjett-tilrådinga til at det kunne sjå ut som om volumet av skjønnlitterære bøker meir eller mindre hadde stabilisert seg, men peika òg på at det var teikn som tydde på at heile vårt litterære miljø for tida er i vokster og at ein difor måtte rekne med at ekspansjonen ville halde fram. Det same vart sagt i St. meld. nr. 16. Tala for bokhausten 1968 låg den gong ikkje føre, men det skulle vise seg at dei kom til å sanne spådomen om at aukinga ville halde fram.

Omfang av innkjøpsordninga for 1968.

Norske forlag gav i 1968 ut i alt 152 bøker som vart innkjøpt av Kulturfondet. Liste over bøkene følgjer som vedlegg nr. 7.

Av desse 152 bøkene var (tala for 1965, -66 og -67 i parentes):

Prosaverk	90	(76 — 88 — 74)
Diktsamlingar	51	(43 — 48 — 48)
Skodespel	11	(5 — 12 — 5)
	152	(124 — 148 — 127)

Fordelinga mellom dei ulike gruppene av forlag var slik:

Medlemmer av Den norske Forleggerforening (medrekna dei forlaga som òg er tilslutta Norsk Forleggersamband) gav ut 87 prosaverk, 50 diktsamlingar, 11 skodespel. Forlag som berre er medlemmer av Norsk Forleggersamband gav ut 1 prosaverk. Av bøker utgitt på uorganiserte forlag vart innkjøpt 2 prosaverk og 1 diktsamling. Til saman 23 bøker vart nekta godkjenning for innkjøp, anten av di dei ikkje kunne klassifiserast som skjønnlitteratur, eller dei var komne ut før 1968, eller dei kom på ikkje-organiserte forlag og på grunnlag av negativ litterær vurdering vart nekta godkjenning av Kulturrådets faglege utval for litteratur. (Om reglane for handsaming av slike søknader, sjå årsmelding for 1965, St. meld. nr. 91 for 1965—66.)

Første sending på 77 bøker vart ekspedert frå A/L Biblioteksentralen 14. desember 1968, og den andre sendinga på 75 bøker gjekk 22. februar 1969.

Kostnader i samband med innkjøpsordninga.

Som nemnt i årsmeldinga for 1967, kunne Rådet på den tida meldinga vart skriven, ikkje gi anna enn tilnærma tal. Dei endelege kostnadene for 1967 vart desse (jfr. St. meld. nr. 16):

Kjøp av 1 000 eks. av 127 bøker	kr. 1 423 465
Innbinding, ekspedisjon	» 454 441
Frakt	» 21 832
Refusjon av forskottshonorar	» 386 967

Til saman kr. 2 286 705

Til dette kjem etterbetaling av honorar for sal i 1967 av bøker frå 1965, -66 og -67, med til saman kr. 132 853. Totalsummen, kr. 2 419 558, vart såleis noko mindre enn budsjettert.

Likevel er det alt nå klart at den summen som vart avsett for 1968, 2,7 mill. kroner, ikkje vil strekkje til. A/L Biblioteksentralen kan ikkje levere endeleg oppgjer for innbinding, ekspedisjon og frakt for alle bokpakkene er ekspedert, men etter det ein kan sjå, vil eit samla kostnadsoverslag bli om lag slik:

Kjøp av 1 000 eks. av 152 bøker	kr. 1 888 392
Innbinding, ekspedisjon .. (ca.)	» 524 000
Frakt (ca.)	» 30 000
Refusjon av forskottshonorar ..	» 503 686

Til saman kr. 2 936 478

Til dette kjem etterbetaling, på forsommaren 1969, av honorar for sal i 1968 av bøker utgitt i 1966—68, ein sum som truleg vil bli mellom kr. 140 og 150 000. Ein må såleis rekne med å bruke om lag kr. 400 000 meir enn den summen som var avsett.

I det oversynet for prøveåra 1965—67 som Kulturrådet har gitt i St. meld. nr. 16, vart det teke atterhald om at ein eventuell auke i tittelmengda ville gjere at ei årleg avsetjing på 2,7 millionar ville bli for snau. Slår ein i hop dei samla avsetjingane for alle fire åra 1965 til 1968 (kr. 10,8 millionar) og dei samla kostnadene til og med 1968 (kr. 10 755 691, her medrekna stipulerte rekningar frå A/L Biblioteksentralen etter same prissatser), syner det seg at budsjettet så vidt balanserer.

A/L Biblioteksentralen har vendt seg til Rådet med søknad om ein gjennomsnittleg prisauke på 12½ %, og meiner at dette bør gjerast gjeldande jamvel for 1968-bøkene. Rådet har førebels svara at ein vil ta omsyn til eit slikt pristillegg i litteraturbudsjettet for 1969, men at prisauken ikkje kan gjerast gjeldande for 1968.

Med omsyn til bokprisane for dei bøkene som vart kjøpt hausten 1968, gir ein førebels analyse av rekningane frå forlaga dette gjennomsnittet (tala for 1965—66—67 i parentes — jfr. St. meld. nr. 16):

Romanar og

novellar	kr. 24,18 (21,16 - 23,56 - 22,18)
Diktsamlingar	» 16,88 (16,14 - 17,30 - 15,44)
Skodespel	» 20,00 (17,10 - 17,62 - 16,25)

Rådet viser elles til det departementet har sagt i St. meld. nr. 16 om at verknadene av innkjøpsordninga bør haldast under observasjon, og likeeins til merknad frå Kyrkje- og undervisningskomitéen i Innst. S. nr. 92 (1968—69).

11. Stønad til barne- og ungdomslitteratur.

Ved Kgl. res. av 1. mars 1968 vart det sett av kr. 400 000 til dette formålet.

Til innkjøp av barne- og ungdomslitteratur til fordeling mellom barn på barneheimar, sjukehus, internat og så bortetter, sette Rådet av kr. 150 000. Kyrkje- og undervisningsdepartementets rådgivande komité for skoleboksamlingane melde i mars 1968 at i alt 29 førsteutgåver av skjønslitterære barne- og ungdomsbøker av norske forfattarar (utgitt i 1967) var tekne med i katalogen for skoleboksamlingane. Lista følgjer som vedlegg til årsmeldinga, (vedlegg nr. 8). Desse 29 bøkene vart kjøpte inn gjennom A/L Biblioteksentralen i 500 eksemplar, i alt 14 500 bøker, til ein samla nettoppris av kr. 109 671.

I 1967 vart det med hjelp frå Statens bibliotektilsyn utarbeidd ei liste over dei institusjonane som skulle få slike boksett. Dei aller fleste institusjonane som vart spurte, tok imot gáva med takk første året, og ønskte òg for framtida å vere med på ei slik ordning.

I 1968 er nokre nye institusjonar komne

til, samstundes som alle lærarskolane i landet fekk tilbod om å vere med, slik at ein i lærarskolane no er betre i stand til å styrkje undervisninga i barne- og ungdomslitteratur.

I alt er 358 barnevernsinstitusjonar og lærarskolar no med i ordninga. A/L Biblioteksentralen sende hausten 1968 ut i alt 475 bokpakker, då store institusjonar framleis kan få meir enn ei pakke. Kulturrådet har i 1968 som førre året teke mot ei lang rekkje takkeskriv, der mottakarane seier seg særst glade for tiltaket og vonar at det vil halde fram.

Til ekspedisjon og frakt av bokpakkene gjekk det med i alt kr. 25 556, slik at tiltaket i alt kosta kr. 135 227.

Til honorarbonus for forfattarane vart det sett av kr. 75 000. Det gjekk med i alt kr. 70 000 til dei 29 forfattarane (ein forfattar som hadde med to bøker, fekk berre bonus for ei bok).

Vidare vart det sett av inntil 10 produksjonspremiar, kvar på kr. 5 000, til forlag som påskjøning for bøker med særleg høg kvalitet i innhald og utstyr. Etter tilråding frå Barnebokutvalet delte Rådet ut 8 slike premiar til 5 forlag, til saman kr. 40 000. (Vedlegg nr. 9).

I produksjonsstønad i forskott til store og dyre biletbøker gav Rådet etter tilråding frå Barnebokutvalet desse to tilskotta:

kr. 12 000 til Gyldendal Norsk Forlag for «Den første julaften» av Per Chr. Øyestad og Reidar Johan Berle.

kr. 15 000 til J. W. Cappelens Forlag for «Jeppe Jansens giraff» av Odd Eidem og Hans Norman Dahl.

I 1966 og 1967 vart det sett av kr. 30 000 (kr. 15 000 kvart år) til produksjon av ein katalog over gode barnebøker, utgitt dei siste 10—12 åra, og som framleis er å få kjøpte. Som ei sluttøyving til dette formålet er gitt kr. 50 000 i 1968. Det var meininga at katalogen skulle liggja føre våren 1968, men av ymse grunnar vart arbeidet seinka. Vonleg blir katalogen sendt ut i april 1969.

Dei summane vi har nemnt ovanfor gjeld berre delvis pengar som er sette av for 1968. Størstedelen — utdelinga av barnebøker til barneheimar og så bortetter og honorarbonus til forfattarane — gjeld midlar som vart løyvd i 1967, men som først kom til utbetaling på vårparten året etter. På same måten vil ein stor del av avsetjinga for 1968 først komme til utbetaling våren og hausten 1969. I si tilråding om fordeling av fondsmidlar for 1969 har Rådet teke omsyn til dette, slik at tilskott til tiltak som først kan bli effektive i 1970, blir utsett til neste års budsjett.

Av disponible midlar til barne- og ungdoms-

litteratur løyvde Rådet kr. 21 000 til Norsk kuratorium for barne- og ungdomsbøker, til ei ambulerande barnebokutstilling i Noreg. Elles har barnebladet Magne fått kr. 12 000 av same avsetjinga til nynorskutgåva av bladet.

I alt er det i 1968 nytta eller disponert kr. 355 227 til litteratur for barn og ungdom.

12. Stønad til verdfulle omsetjingar.

Ved Kgl. res. av 1. mars 1968 vart det sett av kr. 125 000 til stønad til verdfulle omsetjingar.

Etter tilråding frå dei to sakkunnige utvala (Klassikarkomiteén og Omsetjingskomiteén, jfr. årsmelding for 1967, s. 18) har Rådet løyvt kr. 132 500 til i alt 44 omsetjingar. Kr. 7 500 som går ut over avsetjinga på kr. 125 000, er tekne av midlar til rådvelde for litteratur (sjå under 13. Andre tilskott).

Omsetjingskomiteén som tilrår stønad til bøker utkomne etter 1920, har tilrådd 33 bøker, Klassikarkomiteén som handsamar søknadene om stønad til eldre utanlandsk litteratur, har tilrådd 11 bøker.

Liste over omsetjingar som har fått stønad, følgjer som vedlegg nr. 10.

Omsetjingskomiteén hadde òg eit medlem i nemnda som delte ut Kulturrådets omsetjarpris. Forlagssjef Øivind Seip Berggrav var oppnemnd. Han var formann i nemnda, som elles hadde desse medlemmene: Leif Mæhle frå Norsk Litteraturkritikarlag og Lotte Holmboe, Helge Simonsen og Halldis Moren Vesaas frå Norsk Oversetterforenings Bastianjury.

Sjå elles under avsnittet Litterære prisar. Retningslinene for Norsk kulturråds omsetjarpris sjå vedlegg nr. 5.

13. Andre tilskott.

Ved Kgl. res. av 1. mars 1968 vart sett av kr. 140 000 til rådvelde for litteratur. Rådet har gitt desse tilskotta:

Den norske Forfatterforening, vederlag for bortfallen lesesirkelavgift	kr. 30 000
Suttung-rørsla, ved Ingeborg Refling Hagen, til bokkjøp	» 3 400
Norsk Forfattersentrum, til førebuaude utgreiingsarbeid	» 2 000
Norske Dramatikeres Forbund, til rådgivingsarbeid	» 10 000
Samnemnda for studiearbeid, til dekking av utgifter i samband med avviklinga av 3. steget av «Den store bokprisen» 1967 ..	» 5 944
Utanriksdepartementets Kultur-	

avdeling, til bøker for dei norske sendelektorane ved utanlandske universitet	kr. 80 000
Nordens Hus, Reykjavik, til kjøp av norsk litteratur	» 10 000
Nordens folkliga akademi, Kungälv, til kjøp av norsk skjønnlitteratur	» 10 000
AOF-foreninga for Oslo, til premiar i tevling om mini-skodespel (Sjå òg Litterære prisar) ..	» 8 000
Til omsetjingar, utanom løyvinga på kr. 125 000, sett av ved Kgl. res. 1. mars 1968 (Sjå òg under Stønad til verdfulle omsetjingar)	» 7 500
Norsk Oversetterforening, til dekking av utgifter i samband med utdelinga av Omsetjarprisen	» 288
Norsk Litteraturkritikerlag, til dekking av omframutgifter i samband med «Den store bokprisen» 1968	» 3 000
Dessutan er det gått med til sakkunnige vurderingar, mellom anna til appellar om bøker på vurderingsliste med omsyn til innkjøpsordninga eller søknader frå ikkje-organiserte forlag: ..	» 5 964
I alt er det nytta kr. 126 096 av midlar til rådvelde for litteratur.	

MUSIKK

Til saman er i 1968 komme inn 184 søknader (i 1967: 123) med ein samla søknadssum kr. 4 359 266,— (i 1967: kr. 1 717 115). 35 søknader nemner ingen særskild sum.

Ved Kongeleg resolusjon av 1. mars 1968 vart gitt desse tilskott og gjort vedtak om slike avsetjingar:

1. Rikskonsertane	kr. 1 100 000
2. Kritisk-vitskapleg utgåve av Griegs verk	» 25 000
3. Festspillene i Bergen til lyrisk-musikalsk spel «Mot solen»	» 25 000
4. Elektronisk avspelingsutstyr	» 50 000

Til saman

Avsetjingar:

I. Utgiving av musikk på plater, som noter og til trykking av annan musikk-litteratur	» 200 000
II. Tilskott til kjøp av musikk-instrument	» 100 000

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

III. Tilskott til profesjonell instruksjon av amatørsymfoniorkester	kr. 50 000
IV. Innsamling, registrering o.a. tiltak for norsk folkemusikk og folkedans	» 50 000
Til rådvelde for Rådet til tiltak i året	» 100 000
Til saman	<u>kr. 1 700 000</u>

Merknader.

1. Rikskonsertane.

Om styre og råd viser vi til årsmelding for 1967.

Rikskonsertane hadde opningskonsertar i Hammerfest 3. januar, i Ålesund 6. januar, og i Kristiansand 14. januar 1968. Den første skolekonserten var i Sandnes 23. september.

Rikskonsertane har i 1968 hatt til saman 510 konsertar, med 113 kunstnarar og ensemble, på 196 stader. Dei første ordinære turneane gjekk ut i januar—februar: Eva Knardahl gav 6 konsertar på Austlandet og Voss, medan Rut Tellefsen og Kjell Bækkelund førte fram eit Wildenvey—Grieg program på 16 stader i Nord-Noreg og Trøndelag.

Av konsertane var 137 i eigen regi, 210 i samarbeid med lokallag av Musikkens Venner, kommunale kulturutval, konsertforeningar, folkeakademi, ungdomslag, folkehøgskolar, amatørorkester, jazzforeningar o. a., og 163 skolekonsertar.

Skolekonsertane vart haldne på 159 skolar, frå småskolar til gymnas, yrkesskolar og lærarskolar.

Økonomisk tilskott frå kommunar og lokale arrangørar går ikkje inn i Rikskonserttrekneskapen, men blir nytta til dei lokale utgiftene, kunstnarhonorar, husleige, o.s.b.

Kulturrådet har ikkje noko å innvende mot ei slik ordning.

Skolekonsertturneane har gått til ymse landsdelar, men det vil ikkje vere mogleg for Rikskonsertane å nå meir enn ein brøkdel av alle skoleelevar i prøveperioden. Det er likevel svært ønskjeleg å få pedagogiske røynsler frå arbeid med same elevar i eitt og same skoleåret.

Rikskonsertane har difor peikt ut to mindre regionar der elevar i 9-årig skole får høve til å vere med på 3 konsertar kvart år. Det er: Region 1: Sandefjord kommune.

Region 2: Grong, Høylandet og Overhalla kommunar i Nord-Trøndelag.

Rikskonsertane har søkt Kulturfondet om ei særskild løyving til ei musikk-sosiologisk

undersøking, slik at ein kan få klårlagt føresetnader og motiveringar mellom elevar i 9-årig skole for musikk-aktivitetar før og etter prøveperioden.

Årsmelding følgjer som vedlegg nr. 11.

2. Kritisk-vitskapleg utgåve av Griegs verk.

Vi viser til årsmelding 1966 og -67. Edvard Grieg-komiteén har halde fram med innsamling av kjeldematerialet for Griegutgåva. Komiteén har konsentrert seg om å få gjort manuskripta trykkferdige. Komiteén har i 1968 lagt opp og vedteke ein tempoplan for arbeidet med utgåva. Etter denne skulle dei 20 banda med Griegverk vere prenteferdige i 1971—72.

3. Festspillene i Bergen, til lyrisk-musikalsk spel: «Mot solen». I alt har Norsk kulturråd gitt tilsegn om kr. 200 000 til dette arbeidet. Framføringa var fastsett til 1968, men vart seinare utsett til 1969. Førebuingane heldt fram i heile 1968.

4. Elektronisk avspjelingsutstyr.

Ny Musikk peika på at komponistar som arbeider med elektronisk musikk har særse vanskelege tilhøve for arbeidet her i landet og at foreninga ofte møter vanskar i samband med konsertar som krev slikt utstyr. Rikskonsertane har teke på seg å vere ansvarleg for det utstyret som vart innkjøpt.

I. Utgiving av musikk på plater, som noter og til trykking av annan musikk-litteratur:

Søknadene har vore vurdert av eit særskild utval, og retningslinjer for tilskott innan dette området er fastsette av Rådet.

I 1968 er gitt desse tilskotta:	
Jan Henrik Kayser, garanti til innspeling av LP-plate med «Grieg, lyriske stykker og Ballade»	kr. 3 000
Det norske Solistkor, LP-plate med Griegs salmar	» 6 800
Norsk Jazzforum, innspeling av LP-plate med norsk jazzmusikk	» 4 000
Norsk Komponistforening, innspeling av norsk musikk på LP-plater	» 100 000
Norsk Komponistforening, innspeling av David Monrad Johansens «Voluspå»	» 50 000
Ny Musikk, tinging av verk ..	» 12 000

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Wilh. Hansens Musik-Forlag, innspeling på LP-plate «Warszawa» og Colorazione» av Arne Nordheim	kr.	4 900
Hindarkvartetten, innspeling av Sindings klaverkvintett med Hindarkvartetten og Eva Knardahl »		12 500
Norsk Phonogram A/S, innspeling av ei LP-plate med Edith Thallaug med melodiar av Halfdan Kierulf, Christian Sinding, Irgens Jensen og Alf Hurum ..	»	6 800
Til saman	kr.	200 000

Løyvinga til Norsk Komponistforening til utgiving av norsk musikk på LP-plater er nytta til ei plate med orkesterverk, ei med kammermusikk og ei med kyrkjemusikk.

Til plate 1,

orkesterverk:

Finn Arnestad: Aria Appassionata.

Johan Kvandal: Symfonisk Epos.

Knut Nystedt: De syv segl.

Til saman kr. 86 469

Til plate 2,

kammermusikk:

Pauline Hall: Suite for blåsekvintett.

Alfred Janson: Nocturne, musikkarar og Det Norske Solistkor.

Øystein Sommerfeldt: Divertimento.

David Monrad Johansen: Fløytekvintett.

Til saman » 21 505

Til plate 3,

Kyrkjemusikk ca. » 22 000

Til saman ca. kr. 129 974

Då Komponistforeninga hadde att kr. 81 938 frå tidlegare år, står såleis til rådvelde pr. 1. januar 1969 kr. 52 189 som vil bli nytta til innspeling av Ludvig Irgens Jensens «Japanischer Frühling» og Edvard Hagerup Bull: Trompetkonsert nr. 1.

Rekneskapen for innspelinga av Voluspå (9. november 1968) låg ikkje endeleg føre pr. 1. januar, men Komponistforeninga opplyser at utgiftene vil gå over løyvinga på kr. 50 000.

II. Tilskott til kjøp av konsertinstrument:

Tilskott til lokallag av Musikkens Venner og til amatørsymfoniorkester som driv kon-

sertverksemd, har no vore gitt i 3 år. Framleis er det svært mange musikklag og orkester som treng nye instrument. Tilskott blir frå no av gitt i samarbeid med Rikskonsertane som etterkvart registrerer dei stader der nye instrument er mest turvande.

Desse har fått tilskott:

Til flygel:

Musikkens Venner, Steinkjer ..	kr.	10 000
Musikkens Venner, Stavanger ..	»	3 500
Sandnes Orkesterforening	»	7 000
Florø Konsertlag	»	3 000
Musikkens Venner, Flekkefjord ..	»	9 000
Konsertlaget i Gloppen.. ..	»	10 000

Andre instrument:

Gjøvik Byorkester, 2 klarinettar ..	»	6 000
Gjøvik Gårds Kultursentrum, reparasjon av flygel	»	6 000
Harstad Orkesterforening, obo ..	»	3 000
Rælingen kyrkje ved organist B. Bjørklund, cembalo til bruk ved kyrkjemusikalsk verksemd	»	4 000
Nord-Østerdal Symfoniorkester, fagott	»	3 500
Kristiansund Symfoniorkester, 2 maskinpaukar	»	5 000
Namdal Symfoniorkester, obo og waldhorn	»	5 000
Snåsa Orkesterforening, cello ..	»	1 500
Eids Orkester, obo	»	2 000
Inntrøndelag Symfoniorkester, tuba	»	4 000
Drammens Byorkester, waldhorn	»	3 000
Tromsø Byorkester, instrument	»	10 000
Sarpsborg Musikkforening, klarinett	»	1 500
Solør—Sør-Østerdals Orkesterforening, pauke	»	3 000
Til saman	kr.	100 000

III. Tilskott til profesjonell instruksjon av amatorsymfoniorkester:

Tilskott er gitt i samarbeid med styret i Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund som òg har vore med og godkjent dei profesjonelle instruktørar som er nytta.

Desse har fått tilskott:

Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund (NASOL), dirigentkonferanse	kr.	10 000
Frol Orkester, profesjonell instruksjon ved kapellmeister Haakon Hoem	»	1 860

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Frol Orkester, profesjonell instruksjon ved Arnulv Hegstad ..	kr.	3 000
Hammerfest Kommune ved musikkinspektøren til profesjonell instruksjon for korps i byen ..	»	3 000
Kristiansand Byorkester, engasjement av kapellmeister Freudenthal ein måned	»	5 500
Arendal Orkesterforening, profesjonell instruksjon ved Ernst Glaser	»	4 000
Drammens Byorkester, profesjonell instruksjon ved Arvid Fladmoe	»	3 000
Inntrøndelag Symfoniorkester, profesjonell instruksjon ved Finn Audun Oftedal	»	5 000
Kristiansund Symfoniorkester, profesjonell instruksjon ved Finn Audun Oftedal	»	5 000
Mosjøen Orkesterforening, profesjonell instruksjon ved Ernst Glaser	»	6 000
Lillehammer Byorkester, profesjonell instruksjon i samband med konsert ved NASOL's 21. representantskaps møte	»	3 000
Reiser ved musikkinspektør Torbjørn Dahl	»	578
Til saman	kr.	49 938

IV. Innsamling og registrering av norsk folkemusikk og folkedans:

Tilskott til innsamling av folkemusikk har vore gitt til Den departementale nemnda for innsamling av folkemusikk (sjå tidlegare årsmeldingar). Når det gjeld tilskott til tiltak for norsk folkedans, har søknadene vore vurdert av sakkunnige frå instituttane ved Universiteta i Oslo og Bergen og dei frivillige organisasjonane (Leikrådet i Noregs Ungdomslag og Bygdedansnemndi i Laget for folkemusikk, Landslaget for Spelemenn).

Løyvinga til innsamling av norsk folkemusikk vart ført over frå statsbudsjettet da Kulturfondet vart oppretta, sjå årsmelding 1965, Kap. II, Koordinering med statsbudsjettet. Kyrkje- og undervisningsdepartementet har difor i mai 1968 meldt frå til nemnda at departementet finn det rimeleg å oppløyse det utvalet som sidan 1957 har vore rådgivande for departementet, slik at Norsk kulturråd sjølv kan avgjere korleis Rådet ønskjer sakkunnig hjelp.

Kulturrådet vil drøfte dette spørsmålet, og reknar med at den beste ordninga vil vere eit rådgivande kontaktorgan, der dei institusjonar som arbeider med slike saker, peiker ut

representantar: Norsk Folkemusikkinstitutt, universiteta i Oslo og Bergen og Norsk Rikskringkasting. Det kan vere rimeleg å ta sakkunnige for folkedans-registrering med i eit slikt utval. Rådet vil òg drøfte tilhøvet til Norges almenvitenskapelige forskningsråd, som finansierer Norsk Folkemusikkinstitutt. Desse tilskotta er gitt:

Den departementale nemnda for innsamling av folkemusikk ved professor Gurvin, Norsk Folkemusikkinstitutt	kr.	21 000
Noregs Ungdomslag, innsamling av folkedans ved Egil Bakka og Magne Velure	»	20 000
Noregs Ungdomslag, kopiering av film og folkedansar samla inn i 1967	»	6 000
Noregs Ungdomslag, spelmanskurs sommaren 1968 (løyvinga var på kr. 5 000. Kr. 2 000 er teke frå avsetjing til rådvelde for musikktiltak. (Sjå denne) ..	»	3 000
Til saman	kr.	50 000

Til rådvelde:

Avsetjing kr. 100 000. Til dette kjem kr. 10 000 som var løyvd til Sommerteater i Oslo til musikk til Shakespeareframføring. Løyvinga vart ikkje nytta.

Den Norske Opera, garanti ved operagjestespel frå Beograd ..	kr.	15 000
Noregs Ungdomslag, spelmanskurs (sjå avsetjing til folkemusikk)	»	2 000
Storyville Jazz-Club, Molde Jazzfestival sommaren 1968. (Til saman vart løyvd kr. 20 000, kr. 4 000 av midlar til litteratur og kr. 5 000 av midlar til biletkunst)	»	11 000
Musikkens Venner, Tønsberg, seminar ved Robert Riefling ..	»	7 000
Landslaget Musikk i Skolen, musikkpedagogisk konferanse	»	12 000
Utvalet for musikkutdanning, Rogaland fylke, musikkonferanse Utstein, september 1968 ..	»	12 000
Lærer John Persen, innsamling av samisk folkemusikk	»	5 000
Norsk Musikkamling, konsert med komposisjonar av Georg von Bertouch i Akershus Slottskirke	»	5 000
Ny Musikk, delvis dekking av utgifter ved gjestespel av det polske ensemble MW 2	»	4 000

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Ny Musikk, dansk gjestespel med Per Nørgaards «Babel» ..	kr. 15 000
Collegium Musicum, 5 konsertar i Oslo Domkirke	» 6 000
Symfoniorkestret i Stavanger, innkjøp av noter	» 3 000
Musikkonservatoriets kor, framføring av Bachs Juleoratorium i Oslo Domkirke	» 6 000
Diakonissehusets kor, framføring av ei ny kantate ved 100-års jubileet	» 1 000
Til saman	kr. 104 000

BILETKUNST OG BRUKSKUNST

I 1968 kom inn i alt 96 søknader (i 1967: 94), med ein søknadssum på om lag 1,9 millionar kroner. 22 av desse nemner ikkje søknadssum. Søknader om større tilskott til reparasjonar eller ombygging av kunstgalleri og til nybygg er rekna med under kulturbygg. Søknader om lån frå Materialfondet er ikkje tekne med i desse tala.

Ved Kongeleg resolusjon av 1. mars 1968 vart gitt desse tilskotta og gjort vedtak om slike avsetjingar:

Spesifiserte tiltak.

Statens lærarskole i forming, Notodden, kjøp av kunst	kr. 40 000
Tromsdalen kyrkje, avsetjing til glassmålararbeid	» 75 000
Landsforbundet Norsk Brukskunst, jubileumsbok	» 50 000

Avsetjingar.

1. Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg ..	» 1 000 000
2. Utval for innkjøp av norsk samtidskunst	» 100 000
3. Stønad til debuterande kunstnarar	» 50 000
4. Til rådvelde for utstillingar, eingongstiltak o. a.	» 185 000
5. Avsetjing til Materialfondet ..	» 300 000

Til saman

kr. 1 800 000

1. Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg.

Rådet viser til tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 17. oktober 1966 med framlegg til nye retningslinjer for tilskott til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg. (Sjå årsmelding 1966, vedlegg nr.

6 og årsmelding 1967, Bildende kunst og brukskunst).

I tilrådinga seier Rådet at det kjenner seg forplikta ikkje berre overfor statsbygg, men for offentlege bygg og anlegg i det heile. Rådet gjer framlegg om at nye statsbygg blir skilte ut som eiga gruppe. Kunstnarleg utsmykking av slike bygg bør vere ein del av sjølve byggjeoppgåva, såleis at kostnadene blir rekna med ved kalkylen. Når det gjeld kunstnarleg utsmykking av eldre statsbygg og andre offentlege nye og eldre bygg og anlegg, uttalar Rådet at tilskott bør bli gitt av fondsmidlar.

Rådet minner om at løyvinga på statsbudsjettet til kunstnarleg utsmykking berre galdt statsbygg. Da denne løyvinga i 1966 vart ført over til Norsk kulturfond, fann Rådet det rett at Kulturfondet bør vere med på å finansiere utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg, under føresetnad av ei viss eigenfinansiering.

I årsmeldinga for 1967 seier Rådet at dersom alle tilskott til kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg i 1968 må finansierast av Kulturfondet, kan det bli naudsynt med ei sterk avgrensing av tilskott til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg.

Desse tilskotta er gitt i 1968:

Blakstad Sykehus, Asker. Skulptur av Ørnulf Bast, målarstykke av Per Rom og Kåre Tveter, relieff av Sivert Donali, applikasjon av sceneteppe av Herman Bendixen og skulptur av Per Ung	kr. 75 000
Universitetet i Bergen	
a. Skulptur av Arne Vinje Gunnerud	» 3 000
b. Målarstykke av Knut Rumohr	» 3 914
Skurdalen kapell, Buskerud. Altarbilete av Victor Smith	» 5 000
Fitjar Sentralskule, Hordaland. Skulptur av Hugo F. Wathne og kjøp av kunst	» 15 000
Hareid Kunstlag, Sunnmøre. Målarstykke til Hareid nye rådhus	» 32 000
Fylkessykehuset i Hamar. Kunstnarleg utsmykking av inngangsdør av Dagfin Werenskiöld	» 25 000
Statens Meieriskole, Trondheim. Skulptur av Skule Waksvik	» 80 000
Kristiansund Postkontor. Målarstykke av Egil Weiglin	» 15 000
Nordkapp kommune, Honningsvåg. Skulptur av Erling Saavtvedt. (Omframløyving)	» 20 000

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Gjøvik Tekniske Skole. Skulptur av Finn-Henrik Bodvin	kr. 8 000
Fredrikstad Posthus. Skulptur av Siri Aurdal. (Førebels løyving)	» 20 000
Rikshospitalet, nybygg for øre-nese-hals-avdelinga. Kjøp av ymse kunstverk	» 33 500
Utanriksdepartementet. Biletvev av Else Christie Kielland (omframløyving)	» 1 700
Steinkjer kommune. Glassmålararbeid av Jacob Weidemann til Steinkjer kyrkje	» 30 000
Statens Bilsakkunnige, Notodden. Kjøp av målarstykke og litografi	» 5 000
Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen. Biletvev av Eli Marie Johnsen og Per Gøranson	» 30 000
Oslo Biskop. Målarstykke av Alf Rolfsen til møtesalen i Bispegarden	» 20 000
Spesialskolen for talehemmede, Bredtvedt. Kunstnarleg utsmykking av Carl Nesjar	» 80 000
Åsgård Psykiatriske Sykehus, Tromsø. Skulptur av Sigurd Nome (omframløyving)	» 3 578
Til førebuaende arbeid, konsulentar og kunstnarhonorar ...	» 15 500
Til saman	kr. 521 192

I 1968 er dessutan utbetalt desse tilsegnene, anten gitt av Kyrkje- og undervisningsdepartementet eller Norsk kulturråd:

Statens Sykepleierskole, Oslo. Skulptur av Ada Madsen	kr. 32 205
Finnmark off. gymnas, Alta. Skulptur av Kåre Orud	» 22 000
Åsgård Psykiatriske Sykehus, Tromsø. Skulptur av Sigurd Nome	» 59 300
Karasjok Statsinternat. Skulptur av Aase Texmon Rygh	» 10 000
Det Norske Radiumhospital. Skulptur av Anne Raknes	» 100 000
Statens Meieriskole, Trondheim. Skulptur av Liv Elin Trygstad og 2 veggteppe av Roar Wold og Haakon Bleken	» 45 000
Nordkapp kommune, Honningsvåg. Skulptur av Erling Saatvedt	» 10 000
Eik off. lærarskole. Smijernrelieff av Nic Schiøll	» 90 000
Landbruksteknisk Institutt, Sortland. Veggdekorasjon av Solveig Wiik	» 60 000

Sørlandets Tekniske skole, Grimstad. Konkurranse om kunstnarleg utsmykking	kr. 50 000
Til saman	kr. 478 505

I alt er såleis til kunstnarleg utsmykking i 1968 brukt kr. 999 697,—.

Utanom løyvingane har Rådet gitt tilsegner på til saman kr. 831 300 til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg. Størparten av desse tilsegnene kjem til utbetaling i 1969. Årsaka til denne høge tilsegnssummen er at det ofte tek lang tid frå førebuing til avslutning av eit kunstverk. Særleg når det gjeld større monumentale arbeid, har Rådet difor delt løyvinga til kunstnarleg utsmykking over fleire år.

Desse tilskott er gitt:	
Bergen off. lærarskole. Skulptur av Asbjørg Borgfelt. (Tilsegn gitt i 1966)	kr. 89 500
Åsgård Psykiatriske Sykehus, Tromsø. Skulptur av Sigurd Nome. (Tilsegn gitt i 1966)	» 40 700
Finnmark off. Gymnas, Alta. Skulptur av Kåre Orud. (Tilsegn gitt i 1967)	» 28 000
Karasjok Statsinternat. Skulptur av Aase Texmon Rygh. (Tilsegn gitt i 1967)	» 90 000
Statens Bilsakkunnige i Trondheim. Skulptur av Kristoffer Leirdal. (Tilsegn gitt i 1967) ..	» 50 000
Nordkapp Kommune, Honningsvåg. Biletvev av Åse og Dag Frogner, relieff av Irma Salo Jæger, skulptur av Erling Saatvedt. (Tilsegn gitt i 1967)	» 25 000
Landbruksteknisk Institutt, Sortland. Veggdekorasjon av Solveig Wiik. (Tilsegn gitt i 1967)	» 25 000
Sørlandets Tekniske Skole, Grimstad. Veggdekorasjon av Irma Salo Jæger. (Tilsegn gitt i 1967) »	100 000
Åsane Folkehøgskole, Hordaland. Skulptur av Eilef Amundsen. (Tilsegn gitt i 1968)	» 10 000
Norges Veterinærhøgskole, Oslo. Skulptur av Knut Steen. (Tilsegn gitt i 1968)	» 90 000
Sandnes Posthus. Skulptur av Hugo Frank Wathne. (Tilsegn gitt i 1968)	» 83 100
Monumentutvalet for Vardøhus. Monument over kong Haakon VII av Ørnulf Bast. (Tilsegn gitt i 1968)	» 50 000
Steinkjer kommune. Glassmålar-	

Norsk kulturfond — Arsmelding 1968.

arbeid av Jacob Weidemann til Steinkjer kyrkje. (Tilsegn gitt i 1968)	kr. 70 000
Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen. Biletvev av Eli Marie Johnsen og Per Gøranson. (Tilsegn gitt i 1968)	» 50 000
Fylkeshuset i Hamar. Skulptur av Kåre Orud. (Tilsegn gitt i 1968)	» 50 000
Til saman	kr. 851 300

Tilskott eller nye tilsegner om løyvingar til kunstnarleg utsmykking gitt i 1968 fordeler seg slik:

kr. 427 000 til nye statsbygg
kr. 150 000 til eldre statsbygg
kr. 340 000 til kommunale eller fylkeskommunale bygg.

2. Kjøp av norsk samtidskunst.

I tilråding om fordeling av løyvinga for 1968 sette Rådet av kr. 100 000 til kjøp av norsk samtidskunst til seinare plassering i offentlege institusjonar. Rådet har sett ned eit eige utval til å stå for desse kjøpa. (Sjå kap. I, Utval og utgreiingar).

Opgåva er gjennom kjøp å sikre for det offentlege kunstverk innafor områda: Målarstykke (med materialkunst, som tekstilkunst o. a.), skulptur og grafikk som utvalet meiner har ein særskild kunstnarleg verdi. Kunstverka skal før eller seinare plasserast i muse, offentlege bygg eller anlegg der dei kjem ålmanta til gode. Inntil avgjerd om plassering er teken, kan kunstverka disponrast av institusjonar som arbeider med kunstutstillingar, som til dømes Riksgalleriet, Kunst i Skolen og Kunst på Arbeidsplassen. Kjøp bør kunne stimulere mot og interesse hjå kunstnaren til å lage kunstverk utan omsyn til moglege sal. Kjøpa har ikkje som mål å skape ei kunstsamling med indre samanheng eller annan representativ natur.

Utvalet kom i gang med arbeidet først i november 1968. På den knappe tida utvalet har hatt til rådvelde har det ikkje vore mogeleg å vitje andre utstillingsbyar enn dei på Austlandet. Når det gjeld 1969 har utvalet planar om å vitje Kristiansand, Stavanger, Haugesund, Bergen, Trondheim og Bodø.

Før utvalet vart nedsett, vedtok Rådet å kjøpe eit målarstykke av Irma Salo Jæger frå separatutstillinga i Kunsternes Hus. Målarstykket «Berøring er identisk med nærhet» vart innkjøpt for kr. 8 240.

Utvalet har i 1968 kjøpt desse kunstverka: Synnøve Aurdal, biletvev «Il Canto di S. Cecilia» kr. 25 000

John Anton Risan, målarstykke «Musikk om våren»	kr. 2 060
Thore Heramb, målarstykke «Akt»	» 7 210
Olav Mosebekk, målarstykke «Ved vinduet»	» 1 390
Alexander Schultz, målarstykke «Landskap»	» 3 605
Franz Widerberg, målarstykke «Røde og grønne ryttere»	» 3 296
Hallgrim Strømme, målarstykke «Blå by»	» 2 060
Øistein Thurmann-Nielsen, målarstykke «Tilsynekost»	» 3 090
Per Rom, målarstykke «Natvi»	» 5 150
Kåre Orud, skulptur «Ensom vandrer»	» 5 150
Erling Saatvedt, skulptur «Kone»	» 8 240
Boge Berg, skulptur «Jern» ...	» 2 060

Grafikk:

Karl-Erik Harr, «Liten elveskisse»	» 515
Niclas Gulbrandsen, «Hallo De der», «Frantz», «Bananskall», «Vekk» og «Et annet bananskall»	» 927
Thor Sandberg, «Før utfoldelsen», «Bymennesket» og «Nr. 71, 1968»	» 721
Jo Stang, «Hode — Det tredje øyet, Kategori III»	» 494
Ørnulf Bast, to grafiske blad. Ingen tittel	» 1 030

Til saman har utvalet kjøpt kunstverk for kr. 80 138

Alle innkjøp i 1968 har vore gjort på utstillingar. Utvalet har òg høve til å kjøpe kunstverk direkte frå eit kunstnaratelier. Men føresetnaden er at alle kjøpte kunstverk skal synast fram for ålmanta. Såleis vil Rådet i samarbeid med utvalet arrangere ei utstilling våren 1969 av kjøpte kunstverk. Om retningslinene for utvalet, sjå vedlegg nr. 2.

3. Stønad til debuterande kunstnarar.

Kunstnarar som berre svært lite har vore med på kollektive utstillingar og som skal ha si første separatutstilling, kan søkje om tilskott til dekking av materialutgifter. I tilråding om fordeling av løyvinga for 1968 sette Rådet av kr. 50 000 til hjelp til slike utstillingar.

Alle søknader om tilskott skal attesterast av den utstillingsinstitusjonen som har godteke kunstnaren. Pengane blir betalt til utstillingsinstitusjonen som sender oppgåve til

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Norsk kulturråd over dei utgifter den ein-skilde debutant har hatt.

Styret for Materialfondet handsamar alle søknader og gir tilråding om tilskott bør bli gitt og kor stort tilskottet bør være.

Stonadsordninga vart offentleggjort hausten 1968 etter at ei rekkje utstillingsinstitusjonar hadde sagt seg viljuge til å ta på seg det praktiske arbeid som ordninga har som vilkår. (Sjå retningslinene, vedlegg nr. 2).

I 1968 har berre to kunstnarar sendt inn søknad. Begge fekk tilskott. Når den nye ordninga blir meir kjend blant kunstnarar, reknar Rådet med at det vil bli mange søknader.

4. Tilskott til utstillingar, eingongstiltak o. a.

Desse tilskotta er gitt:

Norsk Billedhoggerforening.	
Bokverk om norsk skulptur	kr. 25 000
Jazzfestivalen i Molde. Utstilling arrangert av Unge Kunstneres Samfund	» 5 000
Vestlandske Kunstindustrimuseum. Vandreutstilling av brukskunst	» 20 000
Kunsternes Hus. Andy Warholutstillinga	» 41 800
Riksgalleriet. Kjøp av 3 målarstykke av Alexander Schultz ..	» 25 956
Norske Grafikere. Grafikkutstillinga «Intergrafikk-67» i Kunsternes Hus	» 5 000
Den Norske Husflidforening. Kopiering av eit norsk biletteppe i Kunstindustrimuseet i Oslo. Sjå årsmeldingane for 1965, 1966 og 1967	» 20 000
Norsk Folkemuseum ved første-konservator Martha Hoffmann. Dekking av omsetnadsavgift i samband med kopiering av biletteppet «Den røde hane» av Gerhard Munthe. Sjå årsmeldinga for 1967	» 840
Namsos Kunstforening. Kjøp av målarstykke av Finn Fåborg ..	» 5 000
Tromsø Museum. Kjøp av moderne samisk kunst og kunsthåndverk	» 8 000
Statens Kunstakademi. Trykking av katalog i samband med planlagt utstilling av målarar og bilethoggarar utdanna på Kunstakademiet	» 25 000
Tønsberg Kunstforening. Kjøp av 2 målarstykke av Sverre Dybing og Reidar Fritzvold	» 4 000
Til saman	kr. 185 596

Sjå òg kap. Andre formål om løyvingar til Trondhjems Kunstforening, Kunst i Skolen, Kunst på Arbeidsplassen, Riksgalleriet, Kunstnerforbundet, Tønsberg Kunstforening, Den Norske Forfatterforening, Norsk kunstkritikerlag.

Rådet har dessutan gitt desse tilsegnene som kjem til utbetaling i 1969:

Kr. 10 300 til Christiansands Kunstforening. Sørlandsutstillinga 1969.
Kr. 102 240 til Nasjonalgalleriet, Kjøp av skulptur av Henry Moore.
Kr. 31 000 til Carl Nesjar. Eksperimentering ved SINTEF med tanke på å lage «vann- og is-skulpturar».
Kr. 8 000 til Hamar offentlege lærarskole. Kjøp av skulptur av Anne Grimdalen.

5. Materialfond for biletkunstnarar.

Styret for Materialfondet har i 1968 handsama 41 søknader om lån (1967: 43). Etter tilråding frå styret har Rådet gitt 28 søkjarar lånetilsegner på til saman kr. 349 076. Til støyping av skulpturar har 19 bilethoggarar fått låne til saman kr. 241 408, medan kr. 107 668 er lånt til 9 målarar, grafikarar og tekstilkunstnarar.

I åra 1966, 1967 og 1968 har Rådet gitt i alt 78 kunstnarar lånetilsegner på til saman kr. 753 046. Av denne summen har kr. 603 393 gått med til å dekkje støypeutgifter til bilethoggarar og kr. 149 653 er lånt til målarar, grafikarar og tekstilkunstnarar.

Rådet minner om statuttane for materialfondet (sjå årsmelding 1965, vedlegg nr. 2) der det heiter at lån skal betalast attende når kunstverket blir selt, med eit tillegg på 5 pst. av lånesummen. Inntil sal står kunstverket som garanti for lånet. I 1968 har 7 låntakarar betalt attende lån på til saman kr. 31 400 og renter kr. 1 320.

Arbeid for norsk biletkunst i utlandet.

Som nemnt i årsmeldinga for 1966 bad Rådet målaren, intendant i Bergen Kunstforening, Per Remfeldt, om å lage ei utgreiing om arbeid for norsk biletkunst i utlandet.

Utgreiinga vart ferdig i mars 1968. Kunstnarorganisasjonane er seinare bedne om å gi fråsegn. Hittil har fråsegn komme frå Bildende Kunstneres Styre, Norsk Billedhoggerforening og Landsforeningen Norske Malere. Eit fellesmøte mellom rådsmedlemmer og Kulturavdelinga i Utanriksdepartementet har òg drøfta utgreiinga og dei framlegg som er gjort om praktiske tiltak.

Rådet vil ta endeleg stilling til dei fram-

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

legg som er gjort i utgreiinga i samband med fordeling av midlar for 1969.

FILM

Ved Kongeleg resolusjon av 1. mars 1968 vart løyvt:

Fri kunstnarleg kortfilm kr. 200 000
Andre filmtiltak » 300 000

Til saman kr. 500 000

I alt kom i 1968 inn 35 søknader (1967: 56) med samla søknadssum kr. 1 763 845,—. 1 søknad nemnde ikkje søknadssum. 14 av desse søknadene galdt stønad til kortfilmprosjekt med samla søknadssum kr. 1 030 650,—. Desse søknadene vart vurdert av den same jury som førre året: Instituttstyrar Jon Stenklev, filmregissørane Kåre Bergstrøm, Nils-Reinhardt Christensen, Carsten E. Munch og Sverre Udnes. Vi viser til tidlegare årsmeldingar om koordinering med statsbudsjettet.

I samsvar med tilråding frå juryen har Rådet gitt desse tilskott:

Punktfilm til «Gullmynten» .. kr. 45 000
Kr. 75 000 vart løyvt til same føremålet i 1967.
Ragna Karine Priddy til «Ingenmannsland» » 37 000
ABC-Film A/S til «Midnattsolen» » 50 000
Dagmar Larssen: «Teak og Palisander» » 63 000
Per Blom: «Sett» » 10 000

Til saman kr. 205 000¹⁾

Av desse er «Teak og Palisander» no ferdig, og vart vist ved ei kortfilmmønstring i samband med Norsk filmuke i Oslo 17.—27. februar 1969, arrangert av Oslo Kinematografer. Dei ferdige filmene frå 1967, produsert med tilskott frå Norsk kulturfond, vart vist samstundes.

Etter at kinoskatten er oppheva, vil det no bli eit større problem enn tidlegare å få vist slike kortfilmar på kinoane. Norsk kulturråd vil drøfte distribusjonsspørsmåla med det nye Filmrådet når dette kjem i arbeid.

Kulturfondet har fått fleire søknader om tilskott til klippebord og utstyr for grupper av filmarbeidarar. Rådet er klår over at det trengst utstyr for unge filmkunstnarar som gjerne vil få eksperimentere, og vil få dette

spørsmålet utgreidd nærare i samarbeid med Norsk Film A/S, Norsk Filminstitutt og Statens filmsentral, og med det nye Filmrådet.

Andre filmtiltak:

Desse tilskotta er gitt:

Syncronfilm A/S, garanti for framvisning i Norge av «Fuglane» av Tarjei Vesaas i polsk innspeling kr. 20 000
Barnefilmen «Bjurra» i samarbeid med NRK, Fjernsynet og Kyrkje- og undervisningsdepartementet » 250 000
Norske Filmklubbers Forbund, tilskott til start » 20 000
(Kr. 15 000 til kontorutstyr o. a. og kr. 5 000 til opplysningstiltak).

Til saman kr. 290 000

Kulturrådet har vendt seg til Kommunale Kinematografers Landsforbund og peika på at KKL òg bør stø arbeidet til filmklubbane. Norsk Filminstitutt skaffar film til klubbane og hjelp til anna tilfang. Filminstituttet tilrårde søknaden, avdi instituttet treng eit landsforbund å samarbeide med.

Restsummen, kr. 5 000 vart ført over til generell disposisjon (sjå Andre formål, s. 34), og nytta til eit omframtilskott til Nationaltheatret til omsetjing ved tsjekkisk gjestespel.

KULTURVERN

I alt kom i 1968 inn 151 søknader (1967: 110) med ein samla søknadssum på kr. 9 659 039 (1967: kr. 8 921 685). 20 av søknadene nemnde ikkje søknadssum. I dette talet er inkludert eit oversyn frå Riksantikvaren som gjeld 112 tiltak med til saman kr. 4 503 250 som søknadssum. Søknader om større tilskott til rybygg ved musea, større ombyggings- eller innreiingsarbeid er handsama under kulturbygg.

Ved Kongeleg resolusjon av 1. mars 1968 vart i alt avsett 2,1 mill. kroner til kulturverntiltak med denne fordeling:

Spesifiserte tiltak:

- a. Tiltak for berging av kulturhistoriske verdfulle hus o. a.
1. Trondheim Kommune, Lade gård kr. 50 000
 2. Bjørgvin Biskop, restaurering av Latinskolen » 50 000
 3. Jølster Kulturvern, berging av Midttunet på Sanddal ... » 50 000

¹⁾ Overskridinga på kr. 5 000 er dekt frå avsetjinga til andre filmtiltak.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

4. Domkyrkjemuseet, omframtiltak ved Erkebispegarden	kr. 60 000
5. Erkebispegarden (Nordfløyen) »	150 000
6. Organisasjonen Plus, Fredrikstad, restaurering av Rosinggården »	48 000
7. Borgundkaupangens Venner, restaurering av årestovekomplekset i Borgundkaupangen, Sunnmøre »	100 000
8. Norsk Portrettarkiv »	40 000
Til saman	kr. 548 000

b. Tiltak ved kulturhistoriske musé.	
9. Folkemuseet for Trondheim og Trøndelag, atterreising av gamle hus på museet »	kr. 150 000
10. Troms Folkemuseum, flytting av handelsgarden Kvitenes og atterreising av Mortensgården i Kvitsund »	70 000
11. Hardanger Folkemuseum, kjøp av nytt museumsområde på Utne »	50 000
12. Aust-Agder museet, innreiing og montering i museumsbygget »	92 000
13. Gamle Bergen, til magasinrom »	145 000
Til saman	kr. 507 000

c. Fornminnetiltak:	
Istre, Tjølling i Vestfold, kjøp av grunn »	kr. 75 000
Karmøy, kjøp av grunn »	50 000
Horgheim, Rauma, Romsdal, gravfelt »	35 000
Dragseid, Åfjord, Sør-Trøndelag, gravfelt »	5 000
Sanda, Træna, Nordland, sikring »	35 000
Til saman	kr. 200 000

Fornminneinspektør (engasjement ½ år)	kr. 30 000
d. Konserveringstiltak:	
Stavanger Museum, opplæring, engasjement, reiser og utstyr for teknisk konservator med arkeologiske funn som spesiale »	60 000
Andre tiltak »	40 000

Avsetjingar:

I. Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr. 250 000
--	-------------

II. Kulturhistorisk verdfulle hus og anlegg	kr. 250 000
III. Til rådvelde til andre tiltak »	215 000
Til saman	kr. 2 100 000

Merknader:

1. Trondheim kommune, Lade gård. I 1966 vart løyvt kr. 75 000 til restaurering av uthus. Løyvinga i 1968 galdt restaurering av Napoleonsrommet og oppsetjing av gjerde rundt anlegget.
2. Bjørgvin Biskop — Latinskolen. Løyvinga galdt restaurering av den gamle latinskolen, til bruk som stiftssentrum for Bjørgvin bispedømme. Det er ein føresetnad at dette tilskott ikkje kan gi grunnlag for krav fra kommunen om leige.
3. Jølster Kulturvern til berging av Midttunet på Sanddal. Føresetnaden var at det kom til ei fullnøyande ordning for sikring av grunnen tunet står på.
4. Domkyrkjemuseet — I 1967 vart løyvt kr. 80 000 og gitt tilsegn om kr. 60 000 i 1968 til arkeologiske undersøkingar i Vestfløya av Erkebispegården.
5. Erkebispegården — Nordfløya. Trondheim kommune gav i 1967 ei omfram løyving på kr. 125 000 til restaurering. Løyvinga på statsbudsjettet var i 1968 kr. 100 000 (Kap. 372). Ei omfram løyving frå Kulturfondet var likevel naudsynt, om arbeidet skulle haldast kontinuerleg i gang.
6. Organisasjonen Plus, Fredrikstad, Rosinggården. Løyvinga vart nytta til naudsynte restaureringsarbeid på bakfasaden av hovudbygningen, og på side- og bakbygningen.
7. Borgundkaupangens Venner. Løyvinga vart nytta til vøling og overbygging av årestovekomplekset i den gamle Borgundkaupangen. Riksantikvaren peika på at det var av stort verdi for mellomalderarkeologien og den tidlege bygnadshistoria at desse bygnadsrestane blir berga for ettertida. Borgundkaupangens Venner har skaffa kr. 50 000 lokalt til arbeidet.
8. Norsk Portrettarkiv. Riksantikvaren søkte om kr. 195 000 over 5 år. Arkivet gir kunstnarleg utførte portrett av nordmenn og utlendingar som har tilknytning til Noreg. Rådet gav ei eingongsløyving på kr. 40 000 for 1968 utan tilsegn for komande år. Kulturrådet vil drøfte den vidare finansieringa med Riksantikvaren og Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

b. Tiltak ved kulturhistoriske muse

9. Folkemuseet for Trondheim og Trøndelag. Arbeidet med attreising av gamle hus på museet held fram. Kostnadene blir delt mellom Trondheim kommune, Sør-Trøndelag fylke og Norsk kulturråd.
10. Troms Folkemuseum. — Arbeidet med flytting av handelsgarden Kvitnes i Karlsøy og attreising av Mortensgarden i Tromsøysund vart sett i gang ved løyving frå Norsk kulturfond i 1966 og 1967 på til saman kr. 50 000 (Sjå årsmelding 1967). Løyvinga for 1968 var til fullføring av arbeidet.
11. Hardanger Folkemuseum—kjøp av nytt museumsområde på Utne. Den nye lina for riksvegen Odda—Utne (Folgefonnvegen) vil skjere gjennom det gamle museumsområdet. Reguleringsplanen kravde museet flytt til ein annan stad på Utne.
12. Aust-Agder Museet. Rådet gav i 1966 kr. 107 500 til innreiings- og monteringsarbeid. Arbeidet vart fullført i 1968 med løyvinga frå Norsk kulturfond.
13. Gamle Bergen. Museet hadde store magasinproblem og løyvinga vart nytta til innreiing av magasinrom i Melteribyggnaden. Bergen kommune har gitt garanti for langsiktig leigeavtale.

c. Fornminnetiltak.

Utvalet for sikring av høgt prioriterte fornminne la fram ei prioriteringsliste på 233 fornminne frå heile landet med framlegg om sikring og freding. Dei tilskotta som er gitt er i samsvar med framlegg og prioritering frå utvalet. Fornminneutvalet foreslo tilsett ein fornminneinspektør til å ta hand om dei fornminne som det etterkvart vart gitt løyving til. Fornminneinspektøren har i samarbeid med dei 5 arkeologiske musea forhandla med eigarane.

Norsk kulturråd gav ei løyving på kr. 30 000 til ½ års engasjement av fornminneinspektør. Utvalet har søkt Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fast tilsetjing av fornminneinspektør frå 1970.

d. Konserveringstiltak.

Stavanger Museum hadde store vanskar med konservering av sine jordfunn. Løyving vart gitt til opplæring i 2 år av ein universitetsutdanna kjemikar i samband med utbyggingsprogrammet ved museet. Utbyggingsplanen tek sikte på å løyse dei problema den arkeologiske avdelinga har når det gjeld konservering av jordfunn o. a. oldsaker.

Andre konserveringstiltak. I tillegg til dei kr. 40 000 som vart avsett ved

Kgl. res. har Rådet disponert av løyvinga frå 1967 til restaurering av «Louis Philippe-rommet» i fylkeslandbruksskolen i Bodin, av di fylkeskonservatoren og Bodø Museum ikkje har funne nokor løysing på saka.

Desse tilskott er gitt:

Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Kyrkjeavdelinga, konservering av målarstykke i Østre Gausdal prestegard	kr.	5 700
Komitéen for restaurering av Kåfjord kyrkje, restaurering av målarstykke i himlingen i kyrkjekoret	»	10 000
Kunstindustrimuseet i Oslo, konservering av tapiseri og norske pute- og hyndetrekke	»	25 000
Dræggen Buekorps, konservering av 4 faner	»	10 000
Til saman	kr.	50 700

Avsetjingar:

I. Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea.

Desse har fått tilskott i 1968:

Nordland Fylkesmuseum, montering av fiskerimuseum	kr.	30 000
Fiskerimuseet på Hjertøya, forlenging av båthall og flytting av notnaust	»	30 000
Fylkesmuseum for Telemark og Grenland, flytting av badstove	»	8 500
Riddergården, Hønefoss, restaurering	»	15 000
Ålesund Museum, arbeid med arkivmateriale	»	8 000
Sunnhordland Fylkesmuseum, restaurering av Halsnøy Kloster	»	30 000
Namdalsmuseum, oppsetjing av båthus	»	12 000
Fredrikstad Museum, restaurering av Gamlebyavdelinga	»	20 000
Stjørdal Bygdemuseum, restaurering og istandsetjing av hus, flytta frå Stjørdalshalsen til Museumsplassen på Værnes ...	»	10 000
Velfjord Bygdetun, restaurering av tømra kornlåve	»	4 500
Toten Historielag, restaurering av amtmannsgarden Stenberg ..	»	27 000
Sjøfartsmuseet, utgravningar ved fregatten «Lossen»	»	20 000
Stavanger Sjøfartsmuseum, oppmåling av J. H. Køhleranlegget i Hillevåg	»	3 000
Valdres Folkemuseum, innreiing og utstyr	»	30 000

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Ivar Aasen-museet i Ørsta, vø-
ling av «Store-bjørka» ved mu-
seet » 2 000

Til saman kr. 250 000

II. Restaurering og istandsetjing av kultur- historisk verdfulle hus og anlegg.

Komitéen for restaurering av
Akerøy Fort kr. 10 000

Halvor G. Strømmen, Nore,
istandsetjing av stove frå mel-
lomalderen på Mellom Kravik.
Tiltaket gjer mogleg byggings-
arkeologiske undersøkingar og
vonleg òg frilegging av ein ut-
skoren mellomalderportal » 15 000

Asbjørn Huse, Kongsvinger, re-
staurering av Festningsgt. 1,
Øvrebyen i Kongsvinger » 30 000

Torgrim Castberg, Matrand, re-
staurering av drengestovebyg-
ning på Grinder gard » 20 000

Tor Tofte jr., Bjelstad gard,
Heidal, restaurering av fleire hus
Odd Hårstad, Nerigard, Berge i
Vågå, restaurering av 3 hus i eit
gardsanlegg på 11 hus » 30 000

Eilif Aasheim, Seljord, restau-
tering av loft frå mellomalderen,
tømra i 2 høgder » 15 000

Olav Rysstad, Heimigard, Valle,
restaurering av loft frå ca. år
1300 med romansk bogeportal .. » 15 000

Inger Koren-Wiberg, Kapteins-
garden, Nedre Fet, Kvinnherad,
restaurering av hovudbygning frå
ca. 1700 » 45 000

Riksantikvaren, til sikring av
Havråatunet, Haus, restaurering
av bu » 15 000

(Bua er særskild nemnd som ein
umisteleg lekk i tunet). Det blir
arbeidt for å få til ein stiftelse
til berging av tunet.

Hilberg Jakobsen, Mo i Rana,
restaurering av hundreårgamal
husmannsplass «Gertrus Slått»
under Jørenvik gard, Hamarøy,
ein av dei få husmannsplassane
som er att frå den tida » 20 000

Til saman kr. 250 000

III. Til rådvelde til andre kulturverntiltak.

I tilrådinga til Kyrkje- og undervisnings-
departementet om fordeling av midlar til kul-
turvern i 1968, sa Rådet frå om at tilskott til

lokalhistorisk arbeid måtte ein gi av denne av-
setjinga. I innstillinga frå utvalet (sjå kap. I,
Utval og utgreiingar), vart det rådd til å rekne
med kr. 100 000 til tiltak på dette området.
(Sjå òg s. 9, Samarbeid med andre institu-
sjonar, Norges almenvitenskapelige forsk-
ningsråd). Rådet har gitt desse tilskotta til
lokalhistorisk arbeid:

Nordisk institutt, Noregs lærar-
høgskole, innsamling av stad-
namn frå neddemningsområda i
Folldalen og ytre del av Hemn-
kjølen kr. 2 500

Arbeidsutvalet for felleshistoria
for Lofoten og Vesterålen, kurs
i gardshistorie » 3 500

Arbeidsutvalet for felleshistoria
for Lofoten og Vesterålen, ut-
giving av Felleshistorie for Lo-
foten og Vesterålen » 28 000

Raumnes Historielag, antikva-
risk registrering » 5 000

Cand. philol. Randi Bjørkvik i
samarbeid med Hadeland Folke-
museum, seminar om gards-
historie » 2 322

Årbok for Glåmdalen » 3 000

Årbok for Trøndelag » 3 000

Eiker Historielag, seminar og ut-
giving av årbok » 2 500

Årbok for Gudbrandsdalen » 1 000

Håløyglaget, reproduksjon av
handskrifter, omsetjing og tryk-
king av det første intervjuet
med ein nordmann, håløgen
Ottar, i band 1 av «Håløyglaget

1 — fredsår og krigstid 1933--
42» » 6 500

Norsk lokalhistorisk institutt,
historisk leksikon, tilsegn, der-
som Norges almenvitenskapelige
forskningsråd vil vere med i
samarbeid om utgivinga » 30 000

«Håløygminne» » 1 800

Agder Historielag, gjennomgå-
ing av arkiv for registrering av
vrakfunn » 11 300

Til saman kr. 100 422

Merknad:

Norsk lokalhistorisk institutt har i mange
år arbeidt med planane om eit norsk histo-
risk leksikon. Arbeidet ville etter planane ta
5 år, og vil etter eit utrekna årsbudsjett koste
kr. 94 500 pr. år.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet har
tidlegare gitt mindre tilskott, og Landslaget
for bygde- og byhistorie, til saman kr. 13 000.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Instituttet peikar på at eit slikt leksikon vil vere særns nyttig for alle som arbeider med lokalhistorie. Norsk kulturråd meinte dette var ei sak der eit samarbeid mellom Norges almenvitenskapelige forskningsråd og Norsk kulturråd naturleg peika seg ut, men Norges almenvitenskapelige forskningsråd har no meldt frå om at dei ikkje kan gi tilskott. Saka vil bli drøfta på nytt av det utvalet Norsk kulturråd vil setje ned.

Resten av avsetjinga til kulturvern vart nytta slik:

Videnskapsselskapets Oldsak-samling, restaurering av gravrøys på Aukratangen	kr. 5 000
Bergens Teatermuseum, registrering og berging av teaterminne »	30 000
Norsk Arkeologisk Selskap, årboka «Viking»	» 20 000
Norske Fortidsminnesmerkere Forening, Bergensavdelingen, historisk/antikvarisk registrering »	» 6 500
Komitéen for jemtst/trøndersk seminar, sommaren 1968	» 2 000
Fylkeskonservatoren i Aust-Agder, undersøking av botnen i uthamnene på Sørlandet	» 6 000
Trondhjems Sjøfartsmuseum, reparasjon av «Slaveriet» (Sjå òg årsmelding 1967)	» 25 000
Mandal Bymuseum, kjøp av samlingane til Olav Holmedal	» 20 000
Norges Naturvernforbund, brosjyre om problem kring hus i kulturlandskap og natur	» 15 000
Til saman	<u>kr. 129 500</u>

KULTURBYGG

Til saman kom det i 1968 inn 40 søknader (i 1967 40) med ein samla søknadssum på om lag 3 mill. kroner. 2 av søknadene nemner ikkje søknadssum. Som nemnt under Biletkunst og Kulturvern er søknader om større tilskott til innreiingar, reparasjonar og installering av lyanlegg rekna som byggesaker og tekne med i denne taloppgåva.

Ved Kongeleg resolusjon av 1. mars 1968 vart løyvt:

1. Grieghallen i Bergen, avsetjing nybygg	kr. 1 000 000
2. Konserthuset i Oslo, avsetjing nybygg	» 1 000 000
3. Ibsenhuset i Skien, avsetjing nybygg	» 500 000

4. Christiansand Teater, avsetjing nybygg	kr. 300 000
5. Rogaland Teater, avsetjing nybygg	» 500 000
6. Norsk Skogbruksmuseum, avsetjing nybygg	» 500 000
7. Hedmarksmuseet og Domkirkeodden, avsetjing nybygg »	500 000
8. Vest-Agder Fylkesmuseum, tilskott verkstadtilbygg	» 160 000

kr. 4 460 000

Vidare vart avsett til prosjekt, forarbeid og til råddvelde til byggjetiltak i året » 1 140 000

Til saman

kr. 5 600 000

Merknader:

1. Grieghallen i Bergen. Rådet viser til det som vart sagt i årsmeldinga for 1967. Hittil er løyvt 5 mill. kroner. Rådet har gitt tilsegn om eit samla tilskott på 6 mill. kroner til Grieghallen.
2. Konserthuset i Oslo. Rådet viser til det som vart sagt i årsmeldinga for 1967. Hittil er avsett 4,5 mill. kroner til Konserthuset.
3. Ibsenhuset i Skien. Rådet viser til det som vart sagt i årsmeldinga for 1967. Hittil er avsett 1,5 mill. kroner til Ibsenhuset. Rådet har sagt at det tar sikte på å løyve 20 pst. av byggesummen.
4. Christiansand Teater. Rådet sette av kr. 300 000 i 1967 til eit teater-, konsert- og kinobygg i Kristiansand. Samstundes rådde Rådet Kristiansand kommune til å undersøkje om ei større tomt kunne skaffast, slik at ein kunne komme fram til ei betre planløsning. Rådet har sagt at det tek sikte på å løyve 20 pst. av byggesummen. Hittil er avsett kr. 600 000 til dette byggjetiltaket.
5. Rogaland Teater. Tilbygget til Rogaland Teater skal omfatte skuespillergarderobbar, dusj, toalett, skodespelarfoaje, prøvesal, kontor og verkstadrom. Tilbygget er kostnadsrekna til om lag 2 mill. kroner. Kommunale og fylkeskommunale tilskott er rekna til 1 mill. kroner. Rådet har gitt tilsegn om ytterlegare kr. 500 000 i tilskott til dette byggjetiltaket i 1969.
6. Norsk Skogbruksmuseum. Reising av nytt museumsbygg som er kalkulert til om lag 4,5 mill. kroner. Finansieringa er tenkt ordna med tilskott frå Rasjoniseringsfondet for Skogbruket (kr. 500 000), Skogbrukets rentemidlar av skogavgifta (kr. 500 000), Landbruksdepartementet (kr. 1 000 000), Vilt og fiskefondet

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

(kr. 500 000), institusjonar innan skogbruk og treforedling (kr. 500 000), lån (kr. 500 000) og frå Norsk kulturfond (kr. 1 000 000). Rådet har gitt tilsegn om ytterlegare kr. 500 000 i tilskott til dette byggjetiltak i 1969. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer har tilrådd løyving.

7. Hedmark museet og Domkirkeodden. Innreiing av dei gamle driftsbygningane på Domkirkeodden. Første byggetrinn er kostnadsrekna til 3,4 mill. kroner. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer seier i si tilråding mellom anna at «planene er godt utført og synes å være et av de fineste museumsprosjekter som er lagt fram i den senere tid. Et tilsagn om bevilgning vil fremme mulighetene for større lokale bidrag». Rådet har gitt tilsegn om ytterlegare kr. 500 000 i tilskott til dette byggjetiltaket.

8. Vest-Agder Fylkesmuseum. Reising av verkstadtilbygg, kostnadsrekna til kr. 160 000. Hovudbygget vart reist i 1967 for kr. 405 000 og då berre med kr. 19 000 i statstilskott. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer har tilrådd fullfinansiering med den grunngiving at hovudbygget ikkje fekk større tilskott frå statsmidlar.

Avsetjing til prosjekt, forarbeid og til rådvelde til byggjetiltak.

Desse tilskotta er gitt i 1968: Plankomiteén for utbygging av Permanenten, Bergen til utarbeiding av prosjekter kr. 89 000 I 1966 vart løyvt kr. 42 500 til arkitektkonkurranse. Rådet meiner at det er naturleg at dette byggjetiltak får støtte av fondsmidlar og at storleiken på tilskottet bør vere likt det som Kunstindustrimuseet i Trondheim fekk.

Karmøy kommune. Reising av eit konsert-, teater- og bibliotekbygg i Kopervik » 200 000 Bygget har kosta 2,8 mill. kroner. Rådet seier at det ser slike kombinerte bygg som verdfulle, men utgiftene til kino og bibliotek må skiljast ut, da kino- og bibliotekbygg er kommunale oppgaver som ikkje kan få stønad av fondsmidlar. Ved denne løyvinga har Rådet lagd stor vekt på at kulturbygget skal tene som eit landsdelsenter, og at kommunen

har hatt ein særleg vanskeleg økonomi som følgje av store grunninvesteringar. Rådet vedtok å løyve kr. 200 000 til dette byggjetiltaket i 1968 og gi tilsegn om ytterlegare kr. 200 000 i tilskott for 1969.

Rådet har særskild drøfta med Kyrkje- og undervisningsdepartementet spørsmålet om tilskott til kombinerte bygg.

Bjørnsonbiblioteket i Stor-Elvdal. Reising av eldfast bygg i sambygg med samlingshuset «Noren» kr. 40 000 Føresetnaden for løyvinga er at boksamlinga skal vere ein del av folkeboksamlinga i Stor-Elvdal og at styret for folkeboksamlinga òg skal ha ansvaret for Bjørnsonbiblioteket.

Kongsberg Kunstforening. Innreiing av lokale til utstillingsverksemd » 60 000

Farsund Kunstforening. Innreiing av lokale til utstillingsverksemd » 50 000

Bergen Kunstforening. Kjøp og montering av lysanlegg » 20 000

Trondhjems Kunstforening. Montering av lysanlegg og oppussing av utstillingssal » 16 000

Nationaltheatret. Utgreiing om byggjesituasjonen for Nationaltheatret » 35 000

Trøndelag Teater. Kjøp av lysanlegg. Sjå avsnitt nedanfor » 531 800

Til saman kr. 1 041 800

Tilskott til lysanlegg ved dei offentleg støtta teatra.

Som nemnt i årsmeldinga for 1967, har Rådet det prinsipielle synet at ein ikkje kan sjå ei fornying av det tekniske utstyr o. a. som er naudsynt for drifta ved teatra, isolert frå den offentlege støtta til drifta. Rådet meiner at ein bør sjå utgiftene i samanheng med budsjetta for teatra.

Når det gjeld lysanlegg, seier Rådet at tilstanden ved fleire teater no må rettast på. Rådet meinte det var naudsynt med snøge investeringar. I 1967 sette Rådet av kr. 400 000 av kulturbyggmidlar til lysanlegg. Rådet gav tilsegn om å dekkje opp til 50 pst. av lysanleggkostnadene til dei offentleg støtta teatra. Kyrkje- og undervisningsdepartementet la

fram for Finansdepartementet og kommunane Oslo og Bergen spørsmålet om korleis restsummen skulle skaffast. Finansdepartementet fann ikkje å kunne tilrå at det ved beinveges løyving over statsbudsjettet vart gitt tilskott til dette formålet. Oslo og Bergen fann ikkje å kunne dekkje meir enn 25 pst. av kostnadene. I brev av 2. februar 1968 seier departementet at det slik saka stod, fann å kunne godta at Kulturfondet dekkjer til saman 75 pst. Føresetnaden må vere at tilskott frå fondet berre blir gitt til dei statsstødde teatra. Lysanlegg til Oslo Nye Teater bør såleis vere ei sak for Oslo kommune.

Dersom denne saka skulle kunne løysast innan rimeleg tid, fann Rådet at ein av fondsmidlar måtte gå opp til 75 pst. når det gjeld dekking av utgifter til lysanlegga. I samsvar med dette gjorde Rådet vedtak om desse tilsegnene:

Nationaltheatret	kr. 1 452 200
Den Norske Opera	» 1 570 200
Det Norske Teatret	» 525 000
Den Nationale Scene	» 525 000
Trøndelag Teater	» 531 800
Til saman	<u>kr. 4 604 200</u>

I eit tillegg til tilrådinga til Kyrkje og undervisningsdepartementet om fordeling av kulturfondsmidlar for 1968, gjorde Rådet greie for at det dei første 3 åra var spart opp over 1 mill. kroner av midlar avsette til litteratur, av di førebuingsarbeidet på fleire felt hadde trengt lengre tid enn det var rekna med, dessutan om lag 100 000 av midlar til musikk og ca. kr. 100 000 på andre postar. Rådet meinte desse unytta summane måtte gå attende til fondet, slik at ein stod fritt ved disponering. Norsk kulturfond har ingen «reservekapital», som kan setjast inn til særlege tiltak når situasjonen krev det. Rådet meinte ein slik situasjon var komme ved stoda for lysanlegga. Rådet har difor tilrådd at det i alt vart nytta 1,6 mill. kroner av desse oppsparte midlane. Dessutan er tilskottet til lysanlegget ved Trøndelag Teater dekt av midlar til bygg 1968, til saman kr. 2 131 800. Restsummen, kr. 2 062 400, må betalast i 1969.

TIDSSKRIFT OG PERIODISKE PUBLIKASJONAR

I alt er det i 1968 komme inn 22 søknader om tilskott til tidsskrift, med ein samla søknadssum på kr. 593 500 (1967: 30 søknader,

totalsum kr. 644 580). I 4 av søknadene var det ikkje nemnt nokon særskild sum.

Ved Kgl. res. av 1. mars 1968 vart det sett av kr. 400 000 til stønad for tidsskrift. Desse var med i tilrådinga frå Kulturrådet om fordeling av fondsmidlar for 1968:

Kunst og Kultur	kr. 30 000
Kunsten Idag	» 40 000
Norsk Musikkidsskrift	» 10 000
Vinduet	» 25 000
Kolon	» 20 000
Minervas kvartalsskrift	» 15 000
Kontrast	» 15 000
Samtiden	» 20 000
Syn og Segn	» 20 000
Kirke og Kultur	» 20 000
Til saman	<u>kr. 215 000</u>

Løyvinga på kr. 20 000 til Kolon vart ikkje effektiv, av di tidsskriftet gjekk inn etter dei to første numra som fekk tilskott i 1967 med kr. 10 000 (Jfr. årsmelding for 1967).

Berre kr. 195 000 er såleis blitt utbetalt.

I samsvar med tilråding frå Tidsskriftutvalet (sjå kap. I, Utval og utgreiingar) har Kulturrådet gitt desse tilskotta:

Profil	kr. 11 000
Bonytt	» 40 000
F 15 Kontakt	» 30 000
Nordkalott	» 5 000
Magasinet for Alle	» 50 000
Til saman	<u>kr. 136 000</u>

I samband med løyvinga til bladet Nordkalott sa Kyrkje- og undervisningsdepartementet seg samd med Kulturrådet i at ein bør be Norsk sameråd å nemne opp eit utval til å greie ut spørsmålet om periodiske publikasjonar trykt på samisk eller som tek sikte på ein samisk lesarkrins.

Norsk kulturråd har nytta kr. 331 000 av avsetjinga til tidsskrift for 1968.

ANDRE FORMAL

Til generell disposisjon vart ved Kgl. res. av 1. mars 1968 sett av i alt kr. 600 000. Dessutan vart 14. november 1968 ved rådsvedtak ført over kr. 30 000 frå avsetjinga til Utgiving av eldre norsk litteratur. På rådsmøte 23. januar 1969 vart vidare ført over kr. 5 000, sett av til Film, andre filmtiltak. I alt har det såleis stått kr. 635 000 til generell disposisjon i 1968.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Det er komme inn i alt 31 søknader (i 1967: 31) som ikkje høyrer heime under eller ikkje fekk plass under dei tidlegare kapitla, med ein samla søknadssum på kr. 928 000. 10 søkjarar nemner ikkje søknadssummen.

Norsk kulturråds heiderspris på kr. 25 000 for kulturell innsats er dekt av denne avsetjinga. I 1967 vart prisen gitt av litteraturredaktør, av di han gjekk til ein kulturforfattarskap. I 1968 gjekk prisen til teatersjef Frits von der Lippe for den store innsatsen i norsk kulturliv, særleg for det framifrå arbeidet han har gjort for Riksteatret, der han har vore sjef sidan teatret vart oppretta i 1949.

Rådet har gitt desse løyvingane:

Biletkunst:

Tromsø Museum, til kunstnaren Iver Jåks, dekorering av den samiske avdelinga i museet	kr.	12 000
Selskapet Kunst på Arbeidsplassen, til kjøp av kunst til utstillingar	»	25 000
Landslaget Kunst i Skolen, til kjøp av kunst til utstillingar ..	«	20 000
Riksgalleriet, tilleggsøyving (jfr. årsmelding 1966, s. 24 — Norsk billedhoggerforening) til vandreutstilling av norsk skulptur	»	20 000
Kunstnerforbundet, Oslo til utstillinga «Norsk kunst i dansk eie»	»	20 000
Trondhjems kunstforening, til minneutstillingar for Thv. Erichsen i Trondheim, Bergen, Lillehammer og Oslo	»	30 000
Tønsberg kunstforening, til dekjing av assuranseutgifter i samband med ei utstilling av mellom anna 12 Munch-bilete	»	7 500
Den norske Forfatterforening, til kjøp av bronsebyste av Helge Krog. Bysten er laga av Anne Raknes	»	4 400
Nasjonalgalleriet, utstyr til konserveringsatelier	»	25 000
Trondhjems kunstforening, til innkjøp av eit Thv. Erichsen-bilete	»	30 000
	kr.	193 900

Kulturvern:

Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, til fotografiutstilling i samband med 125-års jubileet i 1969	kr.	35 000
(Samla løyving kr. 75 000, kr.		

40 000 er gitt som tilsegn for 1969)

Skibladnerfondet, restaurering av Skibladner	kr.	25 000
Stavanger Museum, tilleggsøyving til dekjing av auke i lønsutgiftene til teknisk konservator	»	6 400
Vonheims Venner, restaurering av Christopher Bruuns folkehøgskole, Vonheim i Gausdal	»	25 000
	kr.	91 400

Teater:

Det samiske dokketeatret i Karasjok, til lyd- og lysutstyr	kr.	15 000
Nationaltheatret, til framsyning for skoleelevar og studentar, gjestespel av «Comedie Française»	»	8 000
Nationaltheatret, til simultanomsetjing ved det tsjekkiske gjestespelet, hausten 1968	»	4 300
Scene 7, til kjøp av lysutstyr ..	»	5 000
Scene 7, til deltaking i teaterfestival i Nancy, våren 1968 ..	»	2 500
Statens teaterskole, omframtiltak i samband med instruktørkurs	»	42 400
Seljord Frilynde Ungdomslag, til utstyr til Seljordspelet	»	10 000
«Kultur- og hyggeuken i Arendal 1968», garanti for eventuelt underskott på framsyning med skodespelarar frå Oslo Nye Teater, inntil	»	5 000
Landslaget Teater i Skolen, lyskopieringsutstyr for utleiearkiv	»	3 400
	kr.	95 600

Andre tiltak:

Norsk kulturråds heiderspris 1968	kr.	25 000
Trøndelag Teater, til eit forsøk med skodespelarar i undervisninga i Trondheim og Sør-Trøndelag	»	30 000
Elevutvalet for Oslo og omegn, til eit forsøk med forfattarar i undervisninga i skolane i Oslo og Akershus	»	25 000
Seminar for avisredaktørar om «Pressa og kulturstoffet»	»	15 000
Nordmanns-Forbundet, til utgivinga av «Beretningen om Nordisk Tidende gjennom 75 år» ..	»	20 000
Gyldendal Norsk Forlag til ei		

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Fakkeltbok om tendensar i moderne kunst	kr. 5 000
Den norske Forfatterforening, til ymse tiltak i samband med høgtidinga av 75-års jubileet ..	» 19 000
Norges Familieråd, til arkitektkonkurranse om fleksible bustader	» 30 000
Oslo Arkitektforening, til arkitektmønstringa «Mennesket og byen» ..	» 50 000
(kr. 20 000 av denne summen vart gitt som garanti).	
Norsk Kunstkritikarlag, tilskott til internasjonal kunstkritikkongress i Norden 1969	» 7 000
Norges Husmorforbunds teatering, til kunstkurs på Voksen-	

åsen, januar 1969	kr. 10 000
Nord-norsk kulturråd, til kulturkonferanse i Karasjok hausten 1968	» 7 000
Sousjavre kapell, Karasjok, til utsmykking	» 9 000
	kr. 252 000
Til saman	kr. 632 900

Rådet har som tilsegn for 1969 gitt kr. 35 000 til Norsk Fotografforbund til registrering av kulturhistorisk verdfulle fotografi, og kr. 40 000 til Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring til fotografiutstilling i samband med 125-års jubileet i foreninga.

Kap. IV. Administrasjon.

Ved utgangen av 1968 var personalet i administrasjonen:

- 1 administrerende direktør
- 1 konsulent i særklasse
- 2 førstesekretærer
- 1 sekretær
- 4 fullmektig/assistenter.

Omfram skrivehjelp har vore engasjert gjennom Contact-Service, Manpower eller på annan måte.

Instruks for direktørstillinga følgde som vedlegg til årsmelding 1966.

Direktørstillinga er ei åremålsstilling, elles er 6 av stillingane ved stortingsvedtak av 30. november 1967 fast organiserte stillingar. Ei førstesekretærstilling og ei fullmektig/assistentstilling er framleis på engasjementbasis. Rådet har teke dette opp med Kyrkje- og undervisningsdepartementet med sikte på at desse to stillingane blir faste. Kulturrådet meiner ein må byggje ut administrasjonen trinnvis, men ein så liten administrasjon som vi no har, hindrar ei effektiv utnytting av

fondsmidlar, og dessutan annan innsats frå Kulturrådet si side. Rådet har teke opp desse spørsmåla med Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Ved Kongeleg resolusjon av 1. mars 1968 vart avsett til administrative utgifter til saman kr. 500 000, med slik fordeling:

Lønner (inklusive honorar rådsmedlemmer og varamenn)	kr. 380 000
Inventar og utstyr	» 15 000
Andre utgifter	» 105 000
Til saman	kr. 500 000

Pr. 31. desember 1968 vart utbetalt:

Lønner	kr. 378 890
Inventar og utstyr	» 10 271
Andre utgifter	» 102 872
Til saman	kr. 492 033

Kap. V. Økonomisk samandrag.

Litteratur: kr. 4 700 000.

	Budsjett	Disponert eller gitt tilskott
Innkjøpsordning og honorarrefusjon	2 700 000	3 122 000 ¹⁾
Barne- og ungdoms- litteratur	400 000	390 000 ¹⁾
Eldre norsk litteratur	230 000 ²⁾	116 500
Essayistikk	100 000	82 500
Verdfulle omsetjingar	125 000	125 000
Arbeid for norsk lit- teratur i utlandet ..	140 000	96 358
Vidareutdanning av forfattarar	50 000	40 000
Ny norsk dramatikk	50 000	35 000
Litterære prisar	90 000	90 000
Opplysningsarbeid — bokspreiing	185 000	184 700
Nynorsk litteratur ..	400 000	350 000
Samisk litteratur ..	60 000	52 000
Andre formål, litte- ratur	140 000	126 096
Overskriding	140 154	
	4 810 154	4 810 154

¹⁾ Om lag. Under dei to kapitla det her gjeld (sjå Kap. III) er det gjort greie for at visse tal berre kan gis etter skjønn.

²⁾ Ved Kgl. res. sett av kr. 260 000, ved rådsvedtak av 14. november 1968 overført kr. 30 000 til Andre formål.

Musikk: kr. 1 700 000.

Tilskott gitt ved Kgl.
res.:

Rikskonsertane	1 100 000	1 100 000
Andre formål	100 000	100 000
Avsetjingar:		
Utgjeving av musikk på plater, som noter og til annan musikk- litteratur	200 000	200 000
Kjøp av musikk- instrument	100 000	100 000
Profesjonell instruk- sjon av amatør- kester	50 000	49 938
Innsamling, registre- ring av norsk folke- musikk	50 000	50 000
Til rådvelde til andre musikktiltak	110 000 ¹⁾	104 000

	Budsjett	Disponert eller gitt tilskott
Attende til fondet ..		6 062
	1 710 000	1 710 000

¹⁾ Kr. 100 000 vart sett av ved Kgl. res. av 1. mars 1968. Kr. 10 000 var sett av i 1967 til Sommer-
teatret i Oslo til musikk til ei Shakespeare-
framsyning, sommaren 1968, men denne løyvinga
vart ikkje effektiv.

Biletkunst og brukskunst: kr. 1 800 000.

Spesifiserte tiltak, gitt ved Kgl. res.	165 000	165 000
Avsetjingar ved Kgl. res.:		
Kunstnarleg utsmyk- king av offentlege bygg og anlegg + førebuande arbeid til kunstnarleg utsmyk- king	1 000 000	999 697
Kjøp av samtidskunst på utstillingar	100 000	100 000
Stønad til utstillingar av debuterande kunst- narar	50 000	50 000
Disponible midlar til utstillingar, kjøp, om- framtiltak o.s.b.	185 000	185 596
Materialfondet:		
Avsetjing til lånefondet	300 000	300 000
Overskriding	293	
	1 800 293	1 800 293

Film kr. 500 000.

Tilskott gitt ved Kgl.
res.:

Fri kunstnarleg kortfilm	200 000	200 000
Andre filmtiltak ..	295 000 ¹⁾	295 000
	495 000	495 000

¹⁾ Avsett ved Kgl. res. kr. 300 000, overført ved
rådsvedtak til Andre formål, kr. 5 000.

Kulturvern: kr. 2 100 000.

Tiltak spesifisert ved Kgl. res.	1 055 000	1 055 000
Fornminnetiltak	230 000	230 000
Konserveringstiltak .	100 000	110 700
Omframtiltak ved dei		

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

	Budsjett	Disponert eller gitt tilskott
kulturhistoriske musea	250 000	250 000
Tilskott til kulturhi- storisk verdfulle hus og anlegg	250 000	250 000
Tilskott til lokalhisto- risk verksemd o. a. ..	215 000	229 922
Ubrukt løyving frå 1966 ¹⁾	33 000	
Attende til fondet ..		7 378
	2 133 000	2 133 000

¹⁾ Avsetjing til «Louis Philippe-rommet» i Bodin.
Løyvinga er dregen attende til Fondet.

Kulturbygg: kr. 5 600 000.

Tilskott gitt ved Kgl. res.	4 400 000	4 460 000
Avsetjing ved Kgl. res.	1 140 000	1 041 800
Attende til fondet ..		98 200
	5 600 000	5 600 000

Tidsskrift: kr. 400 000.

Tilskott gitt ved Kgl. res.	215 000	195 000
Avsetjing ved Kgl. res.	185 000	136 000
Attende til fondet ..		69 000
	400 000	400 000

Andre formål: kr. 600 000.

Avsetjing ved Kgl. res.	600 000	598 600
Overført frå Littera- tur, Eldre norsk litte- ratur	30 000	30 000
Overført frå Film, andre formål	5 000	4 300
Attende til fondet ..		2 100
	635 000	635 000

Landsdeloversyn.

Rådet vil minne om at ein stor del av løy-
vingane frå Norsk kulturfond går til tiltak
som gjeld heile landet. Dei viktigaste av desse
tilskotta i 1968 er:

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur	kr. 3 122 000
Tiltak for barne- og ungdoms- litteratur	» 400 000

Tiltak for nynorsk litteratur .. »	350 000
Andre litterære tiltak (ny-utgi- vingar, essayistikk, litterære pri- sar, seminar, omsetjingar o.a.) »	760 000
Rikskonsertane	» 1 100 000
Grieg-utgåva	» 25 000
Elektronisk avspelingsutstyr .. »	50 000
Arbeid for norsk folkemusikk .. »	50 000
Utgjeving av norsk musikk »	200 000
Ymse tiltak musikk	» 25 000
Innkjøp av norsk samtidskunst »	100 000
Stønad til debuterande kunst- narar	» 50 000
Materialfondet for biletkunstna- rar	» 300 000
Ymse tiltak, biletkunst	» 200 000
Ymse filmtilskott	» 495 000
Tidsskrift	» 330 000
Andre tiltak (seminar, utgrei- ingar)	» 150 000
Til saman	<u>kr. 7 707 000</u>

I 1968 har såleis bortimot helvta av løy-
vingane gått til landsomfattande tiltak og om
lag helvta til tiltak i fylke og byar.

Landsdeloversynet byggjer på dette sys-
temet:

Austlandet	(Østfold, Akershus, Oslo, Hed- mark, Oppland, Buskerud, Vest- fold og Telemark; 8 fylke).
Sørlandet	(Aust-Agder, Vest-Agder, Roga- land; 3 fylke).
Vestlandet	(Hordaland, Bergen, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal; 4 fylke).
Trøndelag	(Sør-Trøndelag og Nord-Trønde- lag; 2 fylke).
Nord-Noreg	(Nordland, Troms og Finnmark; 3 fylke).

AUSTLANDET**1. Litteratur.**

<i>Østfold</i>	
Sentralbiblioteket for Øst- fold, bokstamme til bok- bil	11 000
Eidsberg og Mysen bib- liotek, kulturkveldar ..	600
Moss bibliotek, kulturkvel- dar	550

Akershus

Sentralbiblioteket for Akershus, bokstamme til bokbil	11 000
---	--------

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Nes folkeboksamling, bokstamme til bokbil	4 000
Enebakk folkeboksamling, bokstamme til bokbil ..	2 000
Nes folkeboksamling, kulturkveldar	1 500
Nannestad folkeboksamling, kulturkveldar ...	550
Elevutvalget for Oslo og omegn, eit forsøk med forfattarar i undervisinga i Akershus og Oslo	25 000

Oslo

Deichmanske bibliotek, kulturkveldar	1 500
--	-------

Hedmark

Sentralbiblioteket for Hedmark, bokstamme til bokbil	11 000
Alvdal folkeboksamling, kulturkveldar	750

Oppland

Lunner folkebibliotek, kulturkveldar	250
Gjøvik bibliotek, kulturkveldar	2 000

Buskerud

Sentralbiblioteket for Buskerud, bokstamme til bokbil	11 000
Fiskum folkeboksamling, kulturkveldar	550
Nordbygden folkeboksamling, kulturkveldar ...	600
Ringerike bibliotek, kulturkveldar	1 500
Nedre Eiker folkeboksamling, kulturkveldar ...	600

Vestfold

Sentralbiblioteket for Vestfold, bokstamme til bokbil	11 000
Borre folkeboksamling, kulturkveldar	600
Botne folkeboksamling, kulturkveldar	1 400
Fon folkeboksamling, kulturkveldar	700
Hof folkeboksamling, kulturkveldar	600
Høyjord folkeboksamling, kulturkveldar	700
Kvelde folkeboksamling, kulturkveldar	600

Lardal folkeboksamling, kulturkveldar	400
Sande folkeboksamling, kulturkveldar	900
Tønsberg bibliotek, kulturkveldar	1 200

Telemark

Langesund bibliotek, kulturkveldar	1 300
Porsgrunn bibliotek, kulturkveldar	650
Skien bibliotek, kulturkveldar	1 868
Stathelle bibliotek, kulturkveldar	950
Telemark landbruksbibliotek, kulturkveldar	1 620

110 438

2. Musikk.*Østfold*

Sarpsborg Musikkforening, klarinett	1 500
---	-------

Akershus

Rælingen kyrkje, cembalo	4 000
--------------------------	-------

Oslo

Den Norske Opera, garanti ved operagjeste- spel frå Beograd	15 000
Norsk Musikkksamling, konsert med komposi- sjonar av Georg von Bertouch	5 000
Ny Musikk, gjestespel av det polske ensemble MW 2	4 000
Ny Musikk, dansk gjeste- spel med Per Nørgaards «Babel»	15 000
Collegium Musicum, 5 konsertar i Oslo Dom- kirke	6 000
Musikkonservatoriets kor, Bachs Juleoratorium i Oslo Domkirke	6 000
Diakonissehusets kor, ny kantate ved 100-års ju- bileet	1 000

Hedmark

Solør—Sør-Østerdals Or- kesterforening, pauke .	3 000
Nord-Østerdal Symfoni- orkester, fagott	3 500

Oppland

Gjøvik Byorkester, 2 kla- rinettar	6 000
---	-------

Norsk kulturfond — Årsmelding 1968.

Gjøvik Gårds Kultursentrum, reparasjon av flygel	6 000		king	25 000	
Lillehammer Byorkester, profesjonell instruksjon	3 000		<i>Oppland</i>		
<i>Buskerud</i>			Gjøvik Tekniske Skole. Skulptur	8 000	
Drammens Byorkester, profesjonell instruksjon	3 000		<i>Buskerud</i>		
Drammens Byorkester, waldhorn	3 000		Skurdalen kapell, altarbilete	5 000	
<i>Vestfold</i>			<i>Vestfold</i>		
Musikkens Venner, Tønsberg. Seminar ved Robert Riefeling	7 000	92 000	Tønsberg Kunstforening, til dekjing av assuranceutgifter	7 500	
			Tønsberg Kunstforening. Kjøp av 2 målarstykker	4 000	
			<i>Telemark</i>		
3. Biletkunst og brukskunst.			Statens lærarskole i forming, Notodden, kjøp av kunst	40 000	
<i>Østfold</i>			Statens Bilsakkunnige, Notodden. Kjøp av målarstykker og litografi .	5 000	425 900
Fredrikstad Posthus. Skulptur	20 000				
<i>Akershus</i>			4. Kulturvern.		
Blakstad Sykehus, Asker. Kunstnarleg utsmykking	75 000		<i>Østfold</i>		
<i>Oslo</i>			Organisasjonen Plus, Fredrikstad, restaurering	48 000	
Rikshospitalet. Kjøp av ymse kunstverk	33 500		Fredrikstad Museum, restaurering	20 000	
Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen. Bilettev	30 000		Komitéen for restaurering av Akerøy Fort	10 000	
Oslo Biskop. Målarstykker til møtesalen i Bispegarden	20 000		<i>Akershus</i>		
Spesialskolene for talehemmede, Bredtvedt. Kunstnarleg utsmykking ...	80 000		Raumnes Historielag, antikvarisk registrering .	5 000	
Utanriksdepartementet. Bilettev (omframløving)	1 700		<i>Oslo</i>		
